Ikke-resultatført virkning av estimatavvik	800 772	888 152	787 545	315 071
Arbeidsgiveravgift	352	-2 444	-82 157	-52 722
Sum pensjonsforpliktelser	804 439	862 647	-69 679	-235 028

Økonomiske forutsetninger:	Kollektiv pensjonsordning		Førtidspensjonsordning	
	2020	2019	2020	2019
Diskonteringsrente	1,50 %	2,30 %	1,50 %	2,30 %
Forventet avkastning	2,40 %	4,20 %	2,40 %	3,80 %
Årlig forventet lønnsvekst	2,00 %	2,25 %	2,00 %	2,25 %
Årlig forventet G-regulering	1,75 %	2,00 %	1,75 %	2,00 %

De aktuariemessige forutsetningene er basert på vanlige benyttede forutsetninger innen forsikring når det gjelder demografiske faktorer.



Aurland Eige AS

Noter til regnskapet for 2020

Note 12 - Segmentinformasjon nettvirksomhet

Rekneskap nett	2020
Driftsinntekt	18 111 863
Andre inntekter	-
Sum driftsinntekt	<u>18 111 863</u>
Driftskostnad	19 988 011
Driftsresultat	<u>-1 876 148</u>
Finansinntekt	29 073
Finanskostnad	6 624
Resultat nett	<u>-1 853 699</u>
Herav etterregulering nettinntekt tidlegare år	-
Årets resultat nettverksemd	<u>-1 853 699</u>
Driftmidlar nett	
Egne driftsmidler inklusive andel av felles driftsmidler	53 332 000
1 % påslag for netto arbeidskapital	<u>533 000</u>
Nettkapital	<u>53 865 000</u>
Avkastning i % av grunnlag	-3,44 %

Note 13 - Aksjer og andeler i andre selskaper

Konsern

<i>Selskap</i>	<i>Eierandel</i>	<i>Anskaff. Kost</i>	<i>Bokført verdi</i>
Seis AS	7,20 %	36 000	36 000
Sognernett AS	10,00 %	359 718	359 718
Nettalliansen AS	2,04 %	22 000	22 000
Sum anleggsmidler		<u>417 718</u>	<u>417 718</u>



Aurland Eige AS

Noter til regnskapet for 2020

Note 14 - Skatt

M orselskap		Konsern	
2020	2019	2020	2019
<i>Årets skattekostnad fordeler seg på:</i>			
-	-	-	708 801
-69 834	-16 093	-131 504	-2 669 590
-	-	-	3 303 473
<u>-69 834</u>	<u>-16 093</u>	<u>-131 504</u>	<u>1 342 684</u>
<i>Beregning av årets skattegrunnlag:</i>			
62 442 517	18 404 768		
-	-73 070		
<u>-62 759 945</u>	<u>-19 007 233</u>		
<u>-317 428</u>	<u>-675 535</u>		
-	-		
-	-		
-	-		
-	-		
<u>-390 577</u>	<u>-73 149</u>	<u>-9 769 947</u>	<u>-11 847 505</u>
-	-	-2 161 411	-73 149
<u>-390 577</u>	<u>-73 149</u>	<u>-800 890</u>	<u>-213 846</u>
-85 927	-16 093	<u>-12 732 248</u>	<u>-12 134 500</u>
		-2 801 094	-2 669 590

Note 15 - Egenkapital

M orselskap	Aksje-		Annen		Sum
	kapital	Overkurs	innskutt egenkapital	egenkapital	
Egenkapital 01.01.	10 000 000	169 639 467	-73 070	18 477 727	198 044 124
Årsresultat	-	-	-	62 512 351	62 512 351
Andre endringer	-	-	-	17 661 622	17 661 622
Avsatt utbytte	-	-	-	-1 000 000	-1 000 000
<u>Egenkapital 31.12.</u>	<u>10 000 000</u>	<u>169 639 467</u>	<u>-73 070</u>	<u>97 651 700</u>	<u>277 218 097</u>

Konsern	Aksje-		Annen		Sum
	kapital	Overkurs	innskutt egenkapital	egenkapital	
Egenkapital 01.01.	10 000 000	169 639 467	-73 070	18 477 728	198 044 125
Årsresultat	-	-	-	62 512 351	62 512 351
Andre endringer	-	-	-	17 661 622	17 661 622
Avsatt utbytte	-	-	-	-1 000 000	-1 000 000
<u>Egenkapital 31.12.</u>	<u>10 000 000</u>	<u>169 639 467</u>	<u>-73 070</u>	<u>97 651 700</u>	<u>277 218 097</u>



Aurland Eige AS

Noter til regnskapet for 2020

Note 16 - Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Morselskap

Aksjekapitalen består av:

	Antall	Pålydende	Balanseført
Ordinære aksjer	1 000	10 000,00	10 000 000

Oversikt over aksjonærene i selskapet pr. 31.12.:

	Antall aksjer	Eierandel	Stemme-andel
Aurland Kommune	1 000	100,0 %	100,0 %
Sum	1 000	100,0 %	100,0 %

Note 17 - Covid-19

Selskapets og konsernets drift, resultat og likviditet har ikke vært vesentlig påvirket av Covid-19-pandemien i 2020 og det forventes heller ingen vesentlig påvirkning i 2021. Styret følger situasjonen tett og vurderer tiltak fortløpende.



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

David Underdal

Styremedlem

På vegne av: Aurland Eige AS

Serienummer: 9578-5995-4-722368

IP: 77.16.xxx.xxx

2021-06-09 12:35:20Z



Atle Winjum

Styremedlem

På vegne av: Aurland Eige AS

Serienummer: 9578-5995-4-117962

IP: 91.126.xxx.xxx

2021-06-09 13:20:35Z



Agnar Aas

Styreleder

På vegne av: Aurland Eige AS

Serienummer: 9578-5990-4-2517185

IP: 91.126.xxx.xxx

2021-06-09 19:52:56Z



Liv Signe Hundere Navarsete

Styremedlem

På vegne av: Aurland Eige AS

Serienummer: 9578-5993-4-2581983

IP: 91.126.xxx.xxx

2021-06-13 14:43:16Z



Jannet Aksnes

Styremedlem

På vegne av: Aurland Eige AS

Serienummer: 9578-5995-4-216597

IP: 185.28.xxx.xxx

2021-06-15 07:51:25Z



Penneo Dokumentnøkkel: CSIPT-UZG8P-Y4EWW-EHT UK-AZELB-EJMM

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Aurland Eige AS

Årsmelding for rekneskapsåret 2020.

Selskapet vart stifta 16.september 2019 for å vareta Aurland Kommune sine kommersielle interesser innan kraftforsyning og reiseliv. 2020 er det første heile driftsåret for selskapet.

Selskapsrekneskap og konsernrekneskap

I selskapsrekneskapan for morselskapet, inngår mindretalsinteressene selskapet har i reiselivsaktøren Aurland Ressursutvikling AS. I konsernrekneskapan inngår i tillegg det heileigde dotterselskapet Aurland Energiverk AS.

Investering i reiseliv.

Aurland Eige AS eig ved årsskiftet 30,78 % av konsernet Aurland Ressursutvikling AS, som er den dominerande reiselivsaktøren i distriktet. Som følgje av covid-19-parndemien har dette selskapet vore sterkt råka av stor nedgang i turisttrafikken, og driftsresultatet for året er, som følge av dette, negativt, og ein kan difor ikkje rekna med utbytte frå selskapet. Aurland Ressursutvikling AS har i 2020 gjennomført ein fusjon med Myrkdalen Fjellandsby AS. Fusjonsprosessen har gitt eit positivt rekneskapsmessig bidrag til Aurland Eige.

Aurland Energiverk AS

Dotterselskapet Aurland Energiverk AS i 2020 vore gjennom ei omfattande omstrukturering, som ikkje er avslutta ved årsskifte. Omorganiseringa har samanheng med offentlege krav om organisering av kraftmarknaden. Selskapet har skilt ut dotterselskapa Aurland Energi Nett AS og Aurland Energi Fiber AS som no tek seg av drift og forvaltning av h.h.v straumnett og fibernett. Alle tilsette i Aurland Energiverk AS er overført til Aurland Energi Nett AS. Det låge nivået på kraftprisar i 2020. har resultert i eit svært svakt driftsresultat for Aurland Energiverk AS.

Aurland Energi Nett AS hadde i 2020 11 tilsette, og vert drive frå eigne lokale i Aurland. Selskapet er nettdistributør med områdekonsesjon for mesteparten av Aurland Kommune, og leverte ut 49 GWh til kundane i løpet av 2020. Aurland Energi Fiber AS har eit godt utbygd fibernett.

Etter omorganiseringsprosessen, ligg Leinafossen Kraftverk framleis att i Aurland Energiverk AS. Kraftverket er utleigd til Hafslund-E-CO og har ein årleg produksjon på om lag 23 GWh.

Kommentarar til årsrekneskapan for 2020

Generelt er rekneskapan for Aurland Eige AS prega av svake driftsresultat, men samstundes positive sluttresultat resultat som følgje av omorganiseringar, men som ikkje gjev likviditetsmessige utslag no.

Konsernet sin omsetning i 2020 vart NOK 40.109.588 mot NOK 60.712.499,- i 2019, og resultat etter skatt for 2020 viser eit overskot på NOK 62.512.351. Balansen er på NOK 323.002.248. Etter styret si oppfatning gjev årsrekneskapan for Aurland Eige AS og konsernet eit rettvise bilete av resultatet i 2020, og den finansielle stoda pr. 31.desember 2020. Styret stadfestar at vilkåra for vidare drift er til stades.

**Utsikter framover.**

Selskapet med underliggende verksemdar og investeringar har kome seg gjennom Covid-19 pandemien fram til no. Ein reknar med at utsiktene for morselskap og konsern no er langt betre og at særskilt reiselivet etter kvart vil ta seg oppatt.

Soliditet og finansiering.

Selskapet har ein eigenkapitalandel på 86,1% pr. 31.desember 2020. Likviditeten er tilfredsstillande.

Finansiell risiko.

Konsern eller dotterselskap har ingen posisjonar i marknaden for kraftderivat. Det har ikkje vore vesentlege tap på fordringar.

Likestilling og arbeidsmiljø.

Styret i morselskapet har 5 medlemmer, der 2 er kvinner. Alle tilsette i konsernet er i dotterselskapet Aurland Energiverk Nett AS, der det er 10 menn og ei kvinne tilsett. Styra i underliggende selskap har alle 5 medlemmer, der 2 er kvinner.

Kompetanse.

Styret har i året gjennomført styreseminar om styret si rolle

Det ytre miljøet.

Verksemda i mor- og dotterselskap forureinar ikkje det ytre miljøet. I Aurland Energiverk AS vert det ikkje nytta PCB-olje til transformatorar eller kondensatorar. Vanleg spillolje frå transformatorar vert levert til godkjent spesialfirma.

31.desember 2020

Aurland 07.06.2021

Agnar Aas
Styreleiar

Atle Winjum
styremedlem

Jannet Aksnes
styremedlem

David Underdal
styremedlem

Liv Signe Hundere Navarsete
styremedlem

**Sakspapir**

Saksnr.	Utval	Møtedato
086/21	Formannskapet	21.10.2021
	Kommunestyret	

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
21/523 - 21/7516	K1-210	Reidar Johnsen 57 63 29 40	15.10.2021

Tertialrapport 2. tertial 2021 med budsjettendringar**Saka gjeld:**

Prognose for 2. tertial 2021 , naudsynte justeringar og statusrapport. Tertialrapporten blir lagt fram i samsvar med økonomireglementet. Ramma for drift er regulert mellom einingane Meirforbruket på kr 1.298.000 blir å dekkja av disposisjonsfondet. Me viser elles til kommentarar frå einingane i budsjettdokumentet.

Investeringane er regulert slik at samla sum for investeringar er den same som opphavelig budsjett på kr 103.855.000.

Tilråding frå rådmannen:

Tertialrapporten blir teken til orientering.

Det blir gjort følgjande budsjettendringar som følgje av prognosen:

Drift:

Ansvar 300 Helse og førebyggjning	Auke	1.500.000
Ansvar 301 NAV	Reduksjon	- 260.000
Ansvar 302 Barnevern	Reduksjon	- 400.000

Ansvar 221 Flåm barnehage	Reduksjon	- 500.000
Ansvar 222 Vangen barnehage	Auke	500.000
Ansvar 310 Pleie og omsorg	Auke	458.000
Ansvar 800 Bruk av disp. fond	Auke inntekt	- 1.298.000
Sum drift	2.458.000	- 2.458.000

Investering:

20006	Tilkomstveg A-feltet	Auke	1.100.000
20015	Teknisk bygg Gudvangen	Auke	600.000
20016	Hovudplan VA	Reduksjon	-250.000
20021	Ytstebøen	Reduksjon	-2.000.000
20022	Rassikring Fiskhamar	Auke	200.000
20028	Breibandutbygging (2020)	Reduksjon	-220.000
20037	Sikring Geithusberget	Reduksjon	-300.000
20038	Sikring Halligrovi	Auke	200.000
20046	Pottefot Undredal	Auke	100.000
20047	Parkeringstiltak	Auke	1.000.000
20101	VA Klokkargarden	Reduksjon	-500.000
20103	Ny kantklyppar	Auke	110.000
20104	LEDlys Kårdalstunnelen	Auke	400.000
20108	Høgdebasseng Fretheim	Reduksjon	-700.000
20110	Overvassledning Hopen	Auke	1.100.000
20112	Dagsturhytta	Auke	50.000
20113	Nærmilljøtiltak ABU	Reduksjon	-800.000
20114	Opparbeiding Ty	Reduksjon	-1.870.000

20117	Gatelys	Auke	500.000	
20119	Vassledning Orøyane	Auke	260.000	
20121	Vassbygdi næringsareal	Auke	300.000	
20125	Gudvangen	Auke	250.000	
21102	Otternestunet	Auke	200.000	
21103	IKT-investering	Auke	220.000	
90021	Fretheimshaugane	Auke	50.000	
Sum			6.640.000	6.640.000

Saksframlegg

Rådmannen legg med dette fram tertialrapport for 2. tertial for 2021.

21.10.2021 Formannskapet

Handsaming i møte:

Økonomisjef Reidar Johnsen var til stades og svarte på spørsmål.

Røysting:

Framlegg frå rådmann: samrøystes

FS-086/21 Vedtak:

Tertialrapporten blir teken til orientering.

Det blir gjort følgjande budsjettendringar som følgje av prognosen:

Drift:

Ansvar 300 Helse og førebyggjing	Auke	1.500.000	
Ansvar 301 NAV	Reduksjon	- 260.000	
Ansvar 302 Barnevern	Reduksjon	- 400.000	
Ansvar 221 Flåm barnehage	Reduksjon	- 500.000	
Ansvar 222 Vangen barnehage	Auke	500.000	
Ansvar 310 Pleie og omsorg	Auke	458.000	
Ansvar 800 Bruk av disp. fond	Auke inntekt	- 1.298.000	
Sum drift		2.458.000	- 2.458.000

Investering:

20006	Tilkomstveg A-feltet	Auke	1.100.000	
20015	Teknisk bygg Gudvangen	Auke	600.000	
20016	Hovudplan VA	Reduksjon	-250.000	
20021	Ytstebøen	Reduksjon	.000.000	
20022	Rassikring Fiskhamar	Auke	200.000	

20028	Breibandutbygging (2020)		Reduksjon	-220.000
20037	Sikring Geithusberget		Reduksjon	-300.000
20038	Sikring Halligrovi	Auke	200.000	
20046	Pottefot Undredal	Auke	100.000	
20047	Parkeringstiltak	Auke	1.000.000	
20101	VA Klokkargarden		Reduksjon	-500.000
20103	Ny kantklyppar		Auke	110.000
20104	LEDlys Kårdalstunnelen	Auke	400.000	
20108	Høgdebasseng Fretheim		Reduksjon	-700.000
20110	Overvassledning Hopen	Auke	1.100.000	
20112	Dagsturhytta		Auke	50.000
20113	Nærmilljøtiltak ABU		Reduksjon	-800.000
20114	Opparbeiding Ty		Reduksjon	-1.870.000
20117	Gatelys		Auke	500.000
20119	Vassledning Orøyane		Auke	260.000
20121	Vassbygdi næringsareal	Auke	300.000	
20125	Gudvangen	Auke	250.000	
21102	Otternestunet		Auke	200.000
21103	IKT-investering		Auke	220.000
90021	Fretheimshaugane		Auke	50.000
	Sum			6.640.000
	6.640.000			

Vedlegg:

Tertialrapport 2. tertial 2021

Vedtakskodeoversikt 2. tertial 2021

Status leikeplassar 2021



AURLAND KOMMUNE

Tertialrapport 2. tertial 2021



Innhold

Innleiing.....	3
Økonomi.....	3
Korona.....	4
Skatteinntang pr. 31.08.21	4
Gjeldsgrad:	5
Investering	6
Låneportefølgje Aurland kommune pr 31.12.2021.....	7
Kommentarar til fond:.....	7
Organisasjon	8
Sjukefråver.....	8
Politiske organ.....	8
Ansvar 110 Sentraladministrasjonen.....	9
Ansvar 120 Kultur	11
Ansvar 210 Aurland barne- og ungdomsskule.....	12
Ansvar 230 Flåm skule	14
Ansvar 221 Flåm barnehage.....	15
Ansvar 222 Vangen barnehage.....	16
Ansvar 302 Aurland og Lærdal barnevern.....	17
Ansvar 301 NAV Aurland.....	18
Ansvar 300 Helse og førebygging.....	19
Ansvar 310 Pleie og omsorg.....	20
Ansvar 311 Bu- og miljøtenesta,	22
Ansvar 500 Teknisk.....	23
Investeringar.....	25
Investering med budsjettregulering.....	25

Innleing

Kvart tertial rapporterer rådmannen til kommunestyret. I hovudtrekk inneheld rapporten ei skildring av økonomisk status som skal vere grunnlaget for eventuelle justeringar i løpet av drifts- og rekneskapsåret. Det er Aurland kommune sine retningslinjer som er førande for rapporteringa med vekt på avvik i resultat og ressursbruk i vedteke årsbudsjett.

Økonomi

Det er laga ein prognose pr 2. tertial som er framskriven for heile året. Ut frå denne prognosen vil ein ende opp med ein meirforbruk (underskot) på kr 1,3 millionar. Dei einingane med størst negativ avvik er helse og førebyggjande samt teknisk. Det blir jobba med tiltak for å betre resultatet i siste tertial.

	Vedteke budsjett 2021	Prognose	Avvik	Avvik i %
Skatt på inntekt og formue	86 000 000	85 300 000	-700 000	
Rammetilskot	43 500 000	44 200 000	700 000	
Eigedomsskatt	49 000 000	47 500 000	-1 500 000	
Konsesjonsavgift	17 400 000	17 400 000	-	
Flyktningetilskot	2 166 000	1 900 000	-266 000	
Andre statlege overføringar	700 000	700 000	-	
SUM FRIE INNTEKTER	198 766 000	197 000 000	-1 766 000	
Renteinntekter	700 000	700 000	-	
Utbyte	2 000 000	1 580 000	-420 000	
Renteutgifter lån	-2 500 000	-3 000 000	-500 000	
Netto renteutgifter/-inntekter	200 000	-720 000	-920 000	
Mottekne avdrag på lån	200 000	200 000	-	
Avdragsutgifter lån	-10 000 000	-11 000 000	-1 000 000	
Netto avdragsutgifter	-9 800 000	-10 800 000	-1 000 000	
Netto rente- og avdragsutgifter	-9 600 000	-11 520 000	-1 920 000	
TIL FORDELING	189 166 000	185 480 000	-3 686 000	
Til driftsrammer:				
Politisk leing	2 928 000	3 200 000	272 000	9 %
Sentraladministrasjon	23 536 000	23 560 000	24 000	0 %
Kultur	4 895 000	4 700 000	-195 000	-4 %
Aurland barne og ungdomsskule	18 501 000	19 160 000	659 000	3 %
Flåm barnehage	4 797 000	4 300 000	-497 000	-12 %
Vangen barnehage	8 950 000	9 500 000	550 000	6 %
Flåm skule	5 925 000	6 180 000	255 000	4 %
Helse og førebyggjande	14 700 000	17 570 000	2 870 000	16 %
NAV Aurland	1 960 000	1 700 000	-260 000	-15 %
Barnevern	2 649 000	2 250 000	-399 000	-18 %
Pleie og omsorg	36 296 000	37 500 000	1 204 000	3 %
Bu- og miljøtenester	22 928 000	21 950 000	-978 000	-4 %
Teknisk	24 263 000	25 450 000	1 187 000	5 %
Sal av konsesjonskraft	-7 300 000	-14 380 000	-7 080 000	49 %
Lønsoppgjjer (blir fordelt)	3 500 000	3 500 000	-	0 %
Sum driftseiningane	168 528 000	166 140 000	-2 388 000	-1 %
Netto driftsresultat	20 638 000	19 340 000	-1 298 000	

Korona


Første og andre tertial har til ein stor grad vore prega av korona – pandemien. Me har utarbeidd ein eigen oversikt over kva dette kostar Aurland kommune. Framleis er det mange usikre faktorar i denne oversikten, og mykje av rapporten er avhengig av kva som skjer framover.

Rekneskap korona pr. 01.10.21

Prosjekt:	20097-20098-20099 KORONA-UTGIFTER	
120	KULTUR	1 303
210	ABV	3 350
222	VANGEN BARNEHAGE	22 585
230	FLÅM SKULE	800
300	HELSE OG FØREBYGGJING	2 760 634
301	NAV AURLAND (kommune)	73 769
310	PLEIE OG OMSORG	421 504
311	BU- OG MILJØTENESTER	167 963
500	KOMMUNAL DRIFTSEINING	181 876
	Sum prosjekt: 20099 KORONA-UTGIFTER	3 633 784

Skatteinngang pr. 31.08.21

SKATTEINNGANG								
Aurland kommune								
2020 årstall								
2021	Budsjettet inngang			86 000 000				
2020	Sum inngang			85 938 173				
	Endring			61 827		0,07 Auke i prosent (budsjett)		
	Skatteinngang pr.mnd.	Periodisert Budsjett	Avvik	Skatte-inngang akkumulert		auke i høve til 2020	% -auke i år i høve til 2020	% inngang pr. mnd
	2021	2021		2021	2020			
januar	5 741 011	6 881 379	-1 140 368	5 741 011	6 715 238	-974 227	-14,51 %	8 %
februar	415 151	14 543 036	-14 127 885	6 156 162	22 413 722	-16 257 560	-72,53 %	17 %
mars	22 935 454	8 256 976	14 678 478	29 091 616	30 679 999	-1 588 383	-5,18 %	10 %
april	1 709 624	14 311 060	-12 601 436	30 801 240	46 396 105	-15 594 865	-33,61 %	17 %
mai	23 166 637	11 278 122	11 888 515	53 967 877	55 845 546	-1 877 669	-3,36 %	13 %
juni	1 360 474	183 714	1 176 760	55 328 351	55 944 067	-615 716	-1,10 %	0 %
juli	7 675 281	6 461 577	1 213 704	63 003 632	62 964 500	39 132	0,06 %	8 %
august	660 892	921 182	-260 290	63 664 524	64 015 305	-350 781	-0,55 %	1 %
september				63 664 524	73 561 900	-		12 %
oktober				63 664 524	62 383 045	-		0 %
november				63 664 524	85 515 057	-		14 %
desember				63 664 524	85 938 173	-		1 %
SUM	63 664 524	62 837 045	827 479					1,00



Gjeldsgrad:

Gjeldsgrad er definert som lånegjeld til egne investeringar dividert på brutto . Målet for Aurland kommune er at ein ikkje skal kome over 75 % i gjeldsgrad.

Avlagt rekneskap for 2020 viser kr 258,9 mill. i brutto driftsinntekter. 75 % av dette er 194 mill. Ved utgangen av 2021 vil lånegjelda ha vakse til 238,8 mill. Ny gjeldsgrad vil då bli 123 %.

Ein del av låna vil stå som ubrukte lånemidlar og vil bli overført til 2022. Ubrukte lånemidlar utgjorde om lag 30 mill pr 31.12.2020.

Investering

	Rekneskap pr. 12.10.21	Budsjett 2021	
20001	Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg	4 941 093	8 000 000
20002	Ny barnehage	32 016 627	45 095 000
20003	Turveg Heggviki - Bøen	539 947	3 400 000
20004	Oppgradering kommunale bruer	14 754	2 300 000
20006	Omlegging av tilkomstveg A - feltet	3 220 222	2 200 000
20007	Opparbeiding av parkering Gudvangen	104 327	600 000
20008	Gatelys Kleivi - Steinshølen	139 580	350 000
20010	Infiltrasjonsanlegg Gudvangen	8 181	250 000
20011	Vannbehandlingsanlegg Flåm	43 079	2 400 000
20012	Ledningar Ryggjåtun - Vangen	128 886	500 000
20015	Teknisk bygg Gudvangen	1 009 004	500 000
20016	Hovedplan VA	4 917	300 000
20017	Vatn og avløp Bakka	90 659	250 000
20019	Nærmiljøanlegg leikeplassar	370 319	700 000
20020	Rassikring Nedre Brekke Flåm	6 266 864	6 500 000
20021	Overtaking Ytstebøen bustadfelt	102 095	2 500 000
20022	Rassikring Fiskhammar - veg	511 949	650 000
20027	ENØK - tiltak	102 187	900 000
20028	Breibandutbyggjing	215 625	2 100 000
20030	Uteområde Furuly	4 917	150 000
20037	Sikringsprosjekt Geithusberget	10 331	500 000
20038	Sikringsprosjekt Hallinggrovi	478 317	1 000 000
20046	Opparbeiding snuplass Undredal - Pottefot	551 768	500 000
20047	Parkeringstiltak Aurland Parkering	1 000 783	500 000
20048	Tiltak trafikksikringsplan	186 118	300 000
20101	VA anlegg Lindølagrovi - Klokkargarden	8 181	800 000
20102	Inventar Aurland barnehage	-	1 350 000
20103	Ny kantklyppar	1 207 500	1 100 000
20104	LED belysning Kårdalstunnelen	24 142	100 000
20105	Fagfornyng grunnskular	392 823	500 000
20106	Flytting av mellombels bustad Ohnstad	4 917	100 000
20107	Velferdsteknologi	199 416	250 000
20108	Høgdebasseng Fretheimshaugane	-	1 000 000
20109	Andel VA Aurlandsvangen	4 917	700 000
20110	Overvassledning Hopen - ny barnehage SJH	3 628 497	3 100 000
20112	Dagsturhytte	49 000	-
20113	Nærmiljøanlegg ABU	118 750	1 200 000
20114	Opparbeiding Ty - utbygging	200 412	3 200 000
20115	Nytt inngangsparti rådhuset	30 284	500 000
20116	Vangen kyrkje	404 917	400 000
20117	Rehabilitering gatelys	245 599	300 000
20118	Ladepunkt	103 753	320 000
20119	Vassleidning Orøyane - Fretheim hotell	351 306	100 000
20120	Sikringstiltak Brekkeelvi	413 181	500 000
20121	Sal av Vassbygdi næringsareal	482 365	300 000
20122	Rassikring Skaim	388 076	500 000
20123	Miljøtiltak Flåmsvassdraget	5 165	2 100 000
20124	Miljøtiltak Nærøyvassdraget	5 172	500 000
21102	Otternestunet	260 742	300 000
21103	IKT - investeringar	658 821	2 000 000
31110	Kjøp av tomt og grunn	33 465	-
85039	Parkering Flåm kyrkje	-	190 000
90021	Opparbeiding av Fretheimshaugane del 2	35 065	-
	T O T A L T	61 319 015	103 855 000

Låneportefølgje Aurland kommune pr 31.12.2021.

LÅNEPORTEFØLJE PR 31.12.2021	Pr 31.12.2020	Avdrag 2021	Pr 31.12.2021
Art: 24519372 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20020846	- 15 360 000	1 920 000	- 13 440 000
Art: 24519373 KOMMUNEKREDITT LÅN NR 8317.50.	- 5 837 234	1 061 316	- 4 775 918
Art: 24519377 KLP KOMMUNEKREDITT LÅN NR 030 4	- 3 375 000	375 000	- 3 000 000
Art: 24519378 KLP KOMMUNEKREDITT LÅN NR 030 4	- 3 375 000	375 000	- 3 000 000
Art: 24519379 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20100248	- 6 911 250	727 500	- 6 183 750
Art: 24519383 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20140565	- 9 120 000	480 000	- 8 640 000
Art: 24519385 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20160505	- 9 195 900	437 900	- 8 758 000
Art: 24519386 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20170414	- 19 080 020	706 660	- 18 373 360
Art: 24519387 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20170374	- 30 699 020	-	- 30 699 020
Art: 24519388 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20180289	- 30 287 710	1 316 860	- 28 970 850
Art: 24519389 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20190318	- 47 203 200	1 966 800	- 45 236 400
Art: 24519390 KOMMUNALBANKEN LÅN NR 20210043	-	1 736 900	- 67 739 100
T O T A L T	- 180 444 334	11 103 936	- 238 816 398

Det er vedteke bruk av lån til investeringar i 2021 på kr 72.356.000. Det meste av dette er teke opp på lån nr 20210043 i Kommunalbanken.

Kommentarar til fond:

Disposisjonsfondet:

Pr 31.12.2019 var disposisjonsfondet på 21,0 mill.. Etter avlagt rekneskap på 31.12.20 er fondet redusert til 14,4 mill.

Konsesjonsavgiftsfondet:

Pr 31.12.2019 var dette på kr 11.110.347. Pr 31.12.2020 var dette auka til 12,5 mill.

Organisasjon

Sjukefråvæ


Sjukefråvæ i heile Aurland kommune til og med 2. tertial er på 4.5%. dette er lavare enn på same tid i fjor, men ikkje veldig mykje. Det kan ha samanheng med at i 2020 hadde fleire sjukefråvæ pga. korona (venting på test, karantene osv.)

År	Halvår	Tertial	Kvartal
2021	Alle	2021T1, 2021T2	Alle

Totalt

I valgt periode: 4,50%

I år og i fjor - Inkluderer sykemeldinger og egenmeldinger



Politiske organ

Kjerneoppgåver:

- Ordførar
- Møte i folkevalde organ
- Val

Det er gjennomført politiske møte med enkelte endringar i forhold til oppsatt møteplan.

Plan- og eigedomsutvalet hadde ekstramøte 18. mai.

Formannskapet hadde ekstramøte 20. mai og 27. mai.

Kommunestyret hadde ekstramøte 27. mai.

Aurland eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne hadde ekstramøte i 25. august.

Strategiseminar knytt til økonomiplan 3. juni vart avlyst grunna totalvurdering rundt koronasituasjonen. Som resultat av dette vart møte i formannskapet 24. juni og møte i Levekårsutvalet 28. juni avlyst. Dette var møter som var sett opp i samband med innspel til økonomiplan.

Grunna koronasituasjonen er enkelte møte i perioden blitt gjennomført som fjernmøte over Teams og av same grunn vart kommunestyremøtet med eigarskapsdag 17. juni avholdt på Fretheim hotell.

Tal møte fram til 31.08.21

Kommunestyret	4
Formannskapet	8
Fondstyret for konsesjonsavgiftsfondet	2
Plan- og eigedomsutvalet	9
Levekårsutvalet	3
Aurland eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne	6
Kommunalt klageorgan	1
Administrasjonsutvalet	1
Takstnemda for eigedomsskatt	1

Mål/utviklingsområde:

Vedtakscodeoversikta syner status for dei politisk handsama sakene denne perioden.

Kort resultatvurdering:

Det er overskriding på området grunna at utbetaling møtegodtgjersle er større enn budsjett.

Samla kostnad for utval utanom pålagte utval er kr. 225.000,-

Ansvar 110 Sentraladministrasjonen**Forvaltning og utvikling (FORUT)**

Leiar Norunn Haugen.

Kjerneoppgåver:

- Kommunal planlegging
- Byggesakshandsaming
- Næringsretta arbeid
- Kommunalt eigarskap (til 15.08.21)
- Samfunnsutvikling
- Konesjonskraft (til 15.08.21)
- Miljø og vassforvaltning (til 15.08.21)

Fellesoppgåver som FORUT har ansvaret for (tverrfagleg):

- Kommuneplanen
- Økonomiplanen (til 15.08.21)
- Oppfølging av verdsarvstatus og verneområde
- Koordinere arbeid med miljø, klimatilpassing og vassforvaltning

Aktivitetar i 2.tertial:**Planarbeid:**

- Fastsetting av planprogram Nærøyfjorden Næringskai
- Områdeplan for Flåm – høyring og offentleg ettersyn
- Reguleringsendring Skinnarviki- Tjøresva – høyring og offentleg ettersyn
- Bustadpolitisk utval – sekretærfunksjon
- Strategi for sal av konsesjonskraft.

Byggesak:

- Rettleiing av tiltakshavarar, dårleg/lav kvalitet på mange søknadar.
- Sakshandsaming
- Etterslep matrikkelføring

Næring:

- Tildeling av midlar frå kommunalt næringsfond (covid-19 midlar)
- Tildeling av midlar frå konsesjonsavgiftsfondet

Fråsegner i perioden:

- Regional transportplan for Vestland
- Regional vassforvaltningsplan 2022-2027
- Vilkårerevisjon for Arnafjord og vikvassdraga

Viktige hendingar FORUT:

- Nytilsett arealplanleggar 01.05.21 (vikariat)
- Nytilsett byggesakshandsamar 01.05.21 (engasjement)
- Nytilsett næringsrådgjevar 01.08.21 60%
- Leiar for FORUT permisjon (16.08.21 – 03.01.22)
- Fått prosjektmidlar til prosjekt «Godt å bu og leve for alle heile livet»
- Fått prosjektmidlar til prosjekt «Innovate lokale løysingar gjennom designtenking»
- Gebyrforskrift på høyring

Mål/utviklingsområde FORUT:

- Vedtak av samfunnsdelen til kommuneplanen
- Vedtak av områdeplan Flåm – det ligg føre motsegn frå Statsforvaltaren og NVE
- Oppstart arealdelen til kommuneplanen
- Utreie og etablere interkommunale samarbeid innanfor aktuelle fagområde innanfor samfunns-, næringsutvikling og forvaltning
- Lokal plan for aldersvennleg samfunn / levande lokalsamfunn

Støtte og digitalisering (STØDIG)

Leiar Beathe Ekhall Stentvedt

Kjerneoppgåver STØDIG:

- Arkiv
- Sentralbord og resepsjon
- Politisk sekretariat
- Informasjon
- Val
- Løn
- Økonomi og rekneskap
- IKT
- HR/personal

Viktige hendingar (STØDIG):

- Ny HR/personalrådgjevar starta i jobb 3. juni
- Stortingsval – tidlegrøysting og førehandsrøysting.
- Nytt personvernombod

Mål/utviklingsområde STØDIG:

- Ny versjon av Acos Websak
- Nytt timeplansystem med overføring av lønn til HRM
- Nytt tidregistreringssystem med oppstart 1. januar 2022
- Overgang til nytt IKT-samarbeid. Fullt over til 1. januar 2022.

Førebuing og planlegging for overgang til IKTNH pågår for fullt. Framdriftsplanen er ikkje lagt i detalj enno. Det meste vil skje i siste del av november og heile desember.

Fellesoppgåver som sentraladministrasjonen har ansvaret for (tverrfagleg):

Sentraladministrasjonen har ansvar for intern tenesteyting ved støtte og digitalisering og samfunnsutviklingsoppgåver ved forvaltning og utvikling.

Kort resultatvurdering:

110 har hatt fleire vakante stillingar og nytilsette som skal ha naudsynt opplæring. Dette har ført til høgare arbeidsbelastning på enkelte over tid. Leiar ved Forut er gått ut i permisjon og stillinga er ikkje erstatta. Fagoppgåvene er fordelt ut i organisasjonen.

Prognosen er noko usikker for ansvar 110. Mellom anna fordi det ligg inne ein del bruk av fond som ikkje er periodisert i rekneskapen. Samt fellesutgifter som er ført på ansvar 110. Budsjettvedtaket er følgt opp og bruk av konsesjonsavgiftsfondet i drift er erstatta med bruk av disposisjonsfond på alle funksjonsområde utanom funksjon 32510 Næringsfond. Innsparing av lønn ved vakante stillingar tilsvarande kr. 1.200.000. Dersom alt går etter planen vert dette synleggjort ved mindre bruk av disposisjonsfond ved årsavslutninga.

Ansvar 120 Kultur

Tenesteleiar: Monica Hille

Kjerneoppgåver:

Kulturadministrasjon: Kulturvern, Folkebibliotek, Skulebibliotek, Kulturskule, Arbeid med barn og ungdom, Ungdomsrådet, Fritidsklubben, Kulturmidlar, Aurlandsprisen, Aurlandsmarsjen, Idrett, Utstillingar i Heradshuset som Galleri Vinjum og Sivleutstillinga, kontakt mot frivillige lag og organisasjonar, Arrangement i kommunen, Kulturminnedagar, Kulturbygg, Namnenemnda, Nynorske Litteraturdagar, Teater Vestland, m.m

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Tverrfagleg Kulturarvsteam
- Kulturarvplan
- Ungdomsrådet
- Den kulturelle Spaserstokken, Den kulturelle skulesekken/UKM
- Arrangement i kommunen
- Folkehelse er flytta frå eininga til helse og førebygging
- Spelemidlar er flytta frå eininga til teknisk

Viktige hendingar:

Kulturskule

- Ei fin avslutting på skuleåret, og ein god oppstart på det nye året.
- Dirigenttenester til kor kan endeleg settast i gang att

Arbeid med barn og unge/klubb

- Klubben har vore ope til ordinære opningstider.
- Aurland fritidsklubb avslutta i juni til sommarferie. Oppstart med normale opningstider og kohortar i august.

Biblioteket

- Prosjekt Sommarbibliotek på Heradshuset - vellykka gjennomføring, godt besøk på biblioteket og dei fleste arrangement var gjennomført. Me har denne sommaren dobla antalet besøkjande til 623 på sommarbiblioteket samlikna med i fjor der talet besøkjande var 307.
- Arrangementa i regi av biblioteket har me hatt 96 besøkjande tilsaman.
- Høgtlesing for barnehage born
- Sommarles - lesekampanje for barn frå juni – september. Lesekampanje for born i alder 1.-8.kl.

Galleri Vinjum

- Utstillingar i gjestegalleriet av lokale kunstnarar, ein ny kunstnar kvar månad i juni, juli, august og september. Dette har vore særst vellukka, og me har fått mange gode tilbakemeldingar frå bygdefolket.
- I sommar har Galleriet vore oppe alle dagar unnateke søndag, dette fordi me har hatt kapasitet til å gjennomføre det pga sommarbiblioteket.

Kulturadministrasjon

- Krigsminnemarkering 8. mai og utstilling på Heradshuset saman med Sogelaget i samband med dette.
- Gjennomføring av Aurlandsmarsjen 7. aug med Røde Kors, Venner av Aurlandsdalen. Det var ca. 80 personar som gjekk turen.

Nynorske litteraturdagar

- Arbeidet med årets NL er i boks

Kulturvern

- 110 års Markering av kyrkjegarden
- Restaurering av muren rundt kyrkjegarden Aurdalen kyrkjedagen
- Kulturminnedag for Flåm skule på Neset.
- Kulturminnedag i Undredal

Mål/utviklingsområder:

- Bibliotekutvikling
- Me har fått midlar «sommarbibliotek - lesing i sentrum», Måla vårt er å gjere biblioteket meir tilgjengeleg, og nå fleire og nye brukarar, samt auka formidlinga av litteratur.

Kort resultatvurdering:

Covid-19 har vore ei utfordring for oss for sal av dirigenttenester.

Ansvar 210 Aurland barne- og ungdomsskule

Kjerneoppgåver:

Skulen skal gi ei god og tilpassa opplæring til alle elevar gjennom planlegging, undervisning og vurdering. Me skal tilrettelegge for at elevane skal oppnå personleg utvikling, fagleg - og sosial kompetanse både på skule og SFO. Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Visjonen vår er «*ABU skal vere ein skule for alle, med blikk for den enkelte.*»

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Tett samarbeid med alle etatar som arbeider med og for barn og unge, samt vaksne som treng vaksenopplæring eller norskopplæring.

Skulen deltek i prosjektet «Tverrfagleg samarbeid barn og unge i Aurland» og har utarbeida «Kommunal plan for arbeid med god psykisk helse i barnehage og skule i Aurland kommune 2019-2023». Skulen er representert i kommunen sitt innsatsteam for barn og unge. Me er i ferd med å utvikle ein felles plan mot mobbing i barnehage og skule hausten 2021.

Viktige hendingar:

- Driftsanalyse av ABU som vert utført av Telemarksforsking hausten 2021
- Gjennomføre og følgje opp nasjonale prøvar, elevundersøkinga og lokal trivselsundersøking hausten 2021
- Følgje årshjulet for «Levande skule - entreprenørskapsplan», eit samarbeid med SJH, Aurland fjellstyre og Nærøyfjorden Verdsarvpark m.fl.
- BlimE-dans for heile skulen 18.november 2021 for å markere inkludering og samhald
- Markering av FN-dagen
- Haustfestar for 1.-4.klasse og 5.-7.klasse

Mål/utviklingsområde:

- Oppnå gode resultat på faglege og sosiale kartleggingar hausten 2021
- Nulltoleranse mot mobbing: førebygge, informere, kartlegge, eventuelt setje inn tiltak
- Tilpassing til ny læreplan gjeldande frå august 2020 og digitalisering av læremiddel
- Gode og trygge overgangar frå barnehage til skule, frå småskulen til mellomsteget, frå mellomsteget til ungdomssteget og frå ungdomssteget til vidaregåande skule
- Gi god norskopplæring for minoritetsspråklege vaksne og barn
- Følgje opp «Kommunal plan for arbeid med god psykisk helse i barnehage og skule» og «Tverrfagleg samarbeid barn og unge i Aurland» og arbeid med KLAPP (psykisk helse) i SFO
- Auke IKT-parken med nye og oppdaterte innkjøp frå januar 2022
- Kompetanseutvikling gjennom vidareutdanning i engelsk og etterutdanning av tilsette i KLAPP, kompetansepakken for fagfornyninga og andre relevante kurs

Kort resultatvurdering:

Skuleåret 2021/22: 135 elevar, 41 born på SFO inkl. bussborn. Oppgang på 7 elevar dette skuleåret og 11 fleire barn på SFO i år. Me har 4 vaksne deltakarar på norskopplæring. Me kjøper tenesta norskopplæring frå Lærdal og Sogndal kommune. Kommunen kjøper PPT-ressurs og logoped frå Sogn PPT (logoped er ikkje tilsett pr. no) og skulen kjøper musikkundervisning til ungdomssteget frå musikk- og kulturskulen i Aurland og «Inn på tunet»-tilbod frå ein gard. Me har redusert bruk av spesialundervisning dette skuleåret i form av vedtak, men fleire av elevane har store og omfattande vedtak i både skule og SFO. Me har to lærlingar dette skuleåret. Høg grad av trivsel blant elevar og tilsette. Arbeidsmiljøet på skulen vert karakterisert som godt.

Økonomien er svært utfordrande for ABU, og dette har vore tydeleg over fleire år. I heile 2021 har resultatet peika i negativ retning fordi budsjettet ikkje strekk til, noko tenesteleiar har peika på ved fleire høve. Det er difor svært positivt at Telemarksforsking hausten 2021 gjennomfører ein driftsanalyse som kan gi oss svar på viktige vegval vidare. Frå sommaren 2021 måtte me tilsetje ein barne- og ungdomsarbeidar for å støtte eit nytt spesialpedagogisk behov, noko som ikkje låg inne i budsjettet. Innkjøp av nye læremiddel og lisensar på digitale

verktøy har ført til eit stort meirforbruk, sjølv om me har investeringsmidlar til å dekke ein del av dette.

Me ligg pr. andre tertial an til ein prognose på vel 650 000 kr over budsjett. Elevtalet har auka, samstundes som me har redusert fire lærarstillingar dei siste fire åra. Det vert vanskeleg å klare budsjettkravet for 2021 slik stoda er no. Dette skuleåret har me fleire elevar som treng ein-til-ein oppfølging, me hadde difor eit behov for å bemanne opp med ein barne- og ungdomsarbeidar ekstra. Læringer er ikkje finansiert i budsjettet, dette må tilførast.

Skulen kjøper tenester frå musikk- og kulturskulen, Lærdal vaksenopplæring og Sogndal vaksenopplæring. Det er framleis stort behov for investeringar i IKT og læremiddel for å gi ei forsvarleg opplæring etter ny læreplan. Me ligg langt bakpå i høve slike investeringar, og det er trong for vidare tung satsing på læremiddel og IKT i tråd med samfunnet sine forventningar.

Ansvar 230 Flåm skule

Kjerneoppgåver:

Skulen skal gi ei god og tilpassa opplæring til alle elevar gjennom planlegging, undervisning og vurdering. Vi skal legge til rette for at elevane skal oppnå personleg utvikling, fagleg - og sosial kompetanse både på skule og SFO.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Tett samarbeid med alle etatar som arbeider med og for barn og unge lokalt og regionalt i region Sogn. Skulen deltek i prosjektet «Tverrfagleg samarbeid barn og unge i Aurland», i fagnettverk og pedagogisk utviklingsteam.

Viktige hendingar:

- Drift på «gult nivå» frå skulestart i august, men frå 25. september tilbake til normalen!
- Lærling i barne- og ungdomsarbeidarfaget bestod fagprøven
- Gjennomført UDIR si foreldreundersøking med svært godt resultat
- Innført nye ordensreglar for skulane i Aurland
- Delteke på regional fagdag om elevmedverknad og vurdering
- Innføring av rammeplan i SFO
- Starta opp Innsatsteam i Aurland kommune

Mål/utviklingsområde:

- Innarbeide dei ulike delane av fagfornyinga og rammeplanen for SFO
- Førebygge, avdekke og handtera mobbing og krenkingar, fremme trygt og godt skulemiljø med fokus på livsmeistring, god psykisk helse og tett oppfølging frå vaksne – jfr. Kommunal plan for arbeid med god psykisk helse i barnehage og skule i Aurland kommune 2019 - 2023
- Utarbeide handlingsplan for eit godt barnehage- og skulemiljø i Aurland kommune – samarbeid mellom barnehagane og skulane
- Vidareutvikle den auka digitale kompetansen hjå elevar og tilsette, ta i bruk fleire digitale læringsressursar og hjelpemiddel
- Implementere tiltakskorta og betre det tverrfaglege samarbeidet

Kort resultatvurdering:

For første gong har vi raude tal på budsjettet ved 2. tertialrapportering. Vi har spara både tid og pengar på å delta på digitale kurs, møte og fagdagar under pandemien. Når ein no opnar oppatt, vil utgiftene truleg auke.

Elles driftar vi skule og SFO så nøkternt og løysingsorientert som mogeleg ut frå rammene vi har og utfordringane vi møter.

Sist på året vil vi få utbetalt godtgjersle for løn til lærling for heile skuleåret 2020/2021. Dette utgjør om lag kr. 165 000. I tillegg kjem eit ekstra tilskot for å ha lærling knytt til Covid -19 på kr. 4250 pr. halvår.

Frå august 2021 har vi 20 % reduksjon i personalressursen. Dette vil gi om lag 40 000 mindre i lønsutgifter.

I budsjettprosessen vart diverse tiltak skisserte for å halda budsjetttramma. Nokre tiltak er alt gjennomførte, andre vert framleis vurderte ut frå budsjettsituasjonen mot slutten av året.

Dette vil samla dekkja avviket.

Ansvar 221 Flåm barnehage

Tenesteleiar Marianne Christensen

Kjerneoppgåver:

Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vare ta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.

Viktige hendingar:

- Tverrfagleg samarbeid barn og unge
- Kommunen er innafor med lovmessig rett på barnehageplass, ynskjeleg at alle får barnehageplass
- Kontinuerleg arbeid med ny barnehage 2021
- Ny program plan for system for styrka læring 2022 -2030
- Hovudopptak 2021 er ferdig stilt, alle som søkte fekk plass
- Implementering av mobbelov i barnehagen, januar 2021
- Barnehagen driftast på grønt nivå f.o.m nytt bhg år / covid- 19

Mål/utviklingsområder:

- Pedagog/bemannings norm
- Få rekruttert nok kvalifisert bemanning.
- Barna tel 2 til og med august det året dei fyller 3 år.
- Helse på tvers/IBOS/God psykisk helse.
- Oppfylgje krava om lovmessig rett på barnehageplass.
- Halde fokus på godt arbeidsmiljøet.

Kort resultatvurdering:

Aurland 2020	Kostragrupp e2020	Landet 2020
31,8	40,1	42,4

Tala viser andel barnehagelærarar i prosent av grunnbemanninga pr 2020. Per dags dato har barnehagen ikkje oppfylt pedagognorma og arbeidet med rekruttering er vanskeleg og tidkrevjande.

Kommentar og evt. tiltak under

- Kontinuerleg oppgradering av leike og pedagogisk material både ute og inne
- Grunna covid-19 er det teke inn ekstra personale
- Det er brukt ekstra ressursar og midlar for å fylgje opp rettleiar for smittevern i barnehagen
- Redusert brukarbetaling i forhold til låg inntekt
- Auka betaling av lisensar
- Skjult kostnadar, gunna mangel på tilsette
- Lærlinglønn

Ansvar 222 Vangen barnehage

Tenesteleiar Elisabeth Øynebråten

Kjerneoppgåver:

Kjerneoppgåvene ligg i samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, å vare ta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Å vareta barnas behov, forutset eit samarbeid mellom dei ulike instansar, som arbeidar med barn.

Viktige hendingar:

- Ny programplan for system for styrka læring
- Tverrfagleg samarbeid barn og unge.
- Kommunen er innanfor lovmessig rett på barnehageplass, ynskjeleg at alle får barnehageplass
- Kontinuerleg arbeid med ny barnehage 2021
- Hovudopptaket 2021 er ferdig stilt, alle som søkte fekk plass
- Implementering av mobbelov i barnehagen, januar 2021
- Barnehagane driftast på grønt nivå/Covid-19

Mål/utviklingsområde:

- Oppretthalde pedagognorma/få rekruttert nok kvalifisert personale
- Få rekruttert noko kvalifisert bemanning
- Barn tel 2 til og med august det året dei fyller 3 år
- Helse på tvers/IBOS/God psykisk helse
- Oppfylgje krava om lovmessig rett på barnehageplass
- Halde fokus på godt arbeidsmiljø

Kort resultatvurdering:

Aurland 2020	Kostragruppa 2020	Landet 2020
31,8	40,1	42,4

Tala viser andel barnehagelærarar i prosent av grunnbemanninga pr.2020. Pr. dags dato har barnehagen oppfylt pedagognorma, men de må jobbast med kontinuerleg grunna høg vekst i barnetal

- Vangen barnehage har lønna 120% læring frå feb-aug, då læring nr 2 ynskjer å ta fagbrevet i barnehagen
- Redusert brukar betaling i forhold til låg inntekt og rett på gratis kjernetid frå dei er 2 år.
- Det er brukt ekstra ressursar og midlar for å fylgje opp rettleiar for smittevern i barnehagen → auka vikarbruk.
- Auke i betalingar av lisensar
- Nye vedtak som medførte auke i bemanning frå august 2020 og som må vidareførast frå august 2021, lå ikkje i budsjettet.
- Skjulte kostnader grunna mangel på vikarbudsjet
- Dyrare å drifte barnehagen grunna auke i antall avdelingar
- Søskenmoderasjon er lagt til Vangen barnehage der det er søsken i Vangen og Spiren. Dette medfører mindre inn på brukarbetaling for Vangen barnehage

Ansvar 302 Aurland og Lærdal barnevern

Tenesteleiar Anja Brekke Moldvær

Kjerneoppgåver:

Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Barnevernet skal bidra til at barn og unge vert møtt med tryggleik, kjærleik og forståing og at alle barn får gode og trygge oppvekstvilkår

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Barnevernet skal medverke og samarbeide med andre offentlege organ for å sikre at barns interesser vert ivareteke. Dette innebærer tett kontakt og samarbeid med andre instansar som er i kontakt med barn, unge og deira familiar. Utviklingsplanen til barnevernet har med dette som eige punkt i arbeidet framover

Barnevernet deltek i prosjekt «På tvers».

Frå 1.1.22 skal kommunen ha ein plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Det er kommunestyret som har ansvar for at kommunen har ein slik plan, men barnevernet vert ein sentral bidragsytar inn i dette arbeidet.

Viktige hendingar:

- Det er framleis utskiftingar på personalsida, men det har ikkje vore utfordrande å rekruttere inn.
- Det vert jobba med implementering av barnevernsreforma. Arbeidet vert sett i samanheng med satsingsområda i «På tvers». I løpet av hausten vil det vere på plass rutiner på fosterheimsarbeidet, medan tiltaksarbeidet vil bli sett i samanheng med andre utviklingsprosjekt i Aurland og Lærdal.

- Det er framleis lite meldingar inn i tenesta i Aurland, dette må jobbast med. Dersom sakene kjem inn seint, slik tilfelle har vore dei siste åra vil det frå 1.1.22 kunne koste mykje med tanke på at kommunal eigenandel på statlege tiltak fell vekk. Døme på dette er at ein institusjonsplass vil koste i overkant av kr 100.000,- per måned.
- Tilstandsrapport for barnevernet vil bli framlagd dette halvåret for kommunestyret.

Mål/utviklingsområde:

- Kvalitetsutviklingsarbeidet er satt litt på vent grunna omstende kring korona, og det har ikkje komme i gang att slik ein ynskja hausten 2020. Det er forventa at dette vert fokus framover, saman med barnevernreforma.
- Ingen fristbrot.
- Barnevernreforma og endringane der vert fokus resten av 2021 og inn i 2022. Det vil utfordre kommunen til å sjå oppvekstområde og tiltaksporteføljen vår meir under eitt, og er spennande utviklingsarbeid for heile oppvekstsektoren

Kort resultatvurdering:

Tenesta har opplevd mykje utskifting dei siste åra, og har hatt vakanse over tid i ei stilling. Dette har tært på leiarressursen inn mot personal og utviklingsarbeid. Tenesta har god grunnkompetanse, med variert både fagbakgrunn og erfaring.

Økonomi/ressurs:

Tenesta ligg greitt ann i høve budsjett. Frå 1.1.22 vil kommunal eigenandel statlege tiltak falle vekk, og me lyt difor vere særleg merksame på dette dersom slike tiltak vert iverksett no. I fylje Bufdir sin kalkulator vil ikkje Aurland per i dag merke noko særleg til fråfall av eigenandel. Men det er grunn til å påpeike eit særst lågt innmeldingstal av nye saker. Tenesta vil mest truleg halde seg innanfor budsjett i år

Ansvar 301 NAV Aurland

Tenesteleiar Einar Moen

Kjerneoppgåver:

Lov som sosial omsorg.
Flyktingtenesta.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Individuell plan.
Medverke i ansvarsgruppemøte og koordinerande eining.

Viktige hendingar:

Gjennomført eit stort kurs-tiltak for 45 deltakarar i samband med masse-permittering. Utfordringa er fagleg beredskap, sidan eininga er lita. Kan vere vanskeleg å drifte på åpningsdagen. Løyser det i samarbeid med NAV Lærdal

Mål/utviklingsområder:

Fleire i arbeid og aktivitet. Auka kontakt med bedriftene i Aurland kommune. Behov for praksis-plassar til arbeidsutprøving. Hjelpa bedriftene med arbeidskraft og i rekrutteringsprosess.

Kort resultatvurdering:

God kontroll på driftsbudsjettet samla forbruk er ca. 31 % under budsjett til no i år.

Det står att nokre utgifter til refusjon for tenester som kjem på siste kvartal, slik at ein forventar mindre innsparing ved årsslutt. NAV vil sannsynlegvis halde budsjettet for 2021.

Økonomi/ressurs: Flyktning

Forbruk på Flyktningbudsjettet er under oppsette budsjett-tal. Her er det ikkje budsjettfråme.

Ansvar 300 Helse og førebygging

Tenesteleiar Guri Olsen

Kjerneoppgåver:

Helsetjenester med heimel i helse og omsorgstjenesteloven. Legekontor, helsestasjon med jordmor, fysioterapi, ergoterapi, rus og psykisk helsetjeneste, koordinerte tenester og kreftkoordinator.

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Førebyggjande arbeid, Eininga deltek i satsinga «på tvers» tverrfagleg samarbeid barn og unge. Arbeidet her med innsatsteam er starta, og fleire ved eininga deltek i etablering og skal inn som faste deltakarar i innsatsteamet.

Eininga deltek i arbeidet kring kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.

Viktige hendingar:

Covid-19 + legesituasjonen.

- Ny kommunelege Frøydis Gullbrå starta 1. mai.
- Legekontoret har ikkje LIS 1, turnuslege, halvåret frå mars til september. Dette skuldast kombinasjon av ikkje fast tilsett spesialist ved kontoret, samt få legar som skulle ha turnustjeneste i kommune dette halvår. Det er fleire kommunar som ikkje fekk turnuslege.
- Covid-19 vaksinerings, mykje arbeid med innkalling og registrering.
- Covid-19 testing kvar vekedag og oppfølging av prøvesvar.
- Covid-19 smittesporing.
- Smitteutbrot i August, fleire tilsette måtte kallast heim frå ferie, og en god del overtid.

Kort resultatvurdering:

Både fysioterapi og ergoterapi eininga melder om venteliste.

Dette skuldast mellom anna prosedyrar knytt til smittevern, samt prioritering av kvardagsrehabilitering.

Drifta er elles på fleire område prega av Covid-19 og dei nasjonale retningslinene og rutinane kring drift i helsetenester ein til ein under ein pandemi. Dei tilsette bruker mykje tid på reinhald mellom kvar brukar, noko som gjev seg utslag i at ikkje like mange brukarar får tilbod om tenester.

Legekontoret har ansvar for all testing kring korona, samt oppfølging av koronasjuka. Smitteutbrotet i August førde til at mykje kapasitet gjekk med til å handtere dette.

Covid-19 vaksineringsstarta i januar. Kommunen har fått tildelt vaksinar etter fordelingsnøklar knytt til folketal. Det er ikkje utarbeidd nasjonalt datasystem for vaksineringsarbeid. Det administrative arbeidet kring vaksineringsarbeid, oversikt over kven som er prioritert, innkalling til time, registrering osv, tek mykje tid hjå tilsette på legekontor. Helsestasjonen deltek også aktivt i dette arbeidet, slik at vi til ein kvar tid har minst 2 som kan alt.

Det skjer heile tida endringar i det nasjonale vaksinasjonsprogrammet, så mykje tid vert også nytta til å halde seg oppdatert.

Kommunen fekk på ei veker varsel vaksiner tilsvarande 20% av innbyggjartalet, midt i fellesferien. Krevjande å få fatt i innbyggjarar for å vaksinere, samt nok personell til å gjennomføre sjølve vaksineringsarbeidet.

Mykje av vaksinasjonsarbeidet vert gjort av faste tilsette ved eininga, som må prioritere vaksineringsarbeid framfor ordinære arbeidsoppgåver i deler av stillinga.

Økonomi/ressurs:

Eininga har overskriding på legekantoret.

- kjøp av vikarlegar via vikarbyrå. I tillegg til kostnadane direkte til byrå kjem husleige og reise. Det vert nytta vikar ut året. Grunna pandemi har det ikkje vore forsvarleg å gå med redusert legebemanningsarbeid.
- Covid-19 vaksineringsarbeid, bruk av meir tilkallingsvikar på legekantoret grunna det merkantile kring vaksineringsarbeid, samt personell frå ulike einingar som deltek i sjølve vaksineringsarbeidet.
- Smitteutbrot, tilsette kalla tilbake til jobb frå ferie, samt bruk av overtid.

Det vert nytta mykje meir medisinsk forbruksmateriell samanlikna med tidlegare år. Dette gjeld særleg hanskar og munnbind, samt smittefrakkar. Prisane internasjonalt særleg på hanskar har auka mykje, grunna råvaremangel og utfordringar kring produksjon og transport.

Covid-19 relaterte utgifter

Eininga nyttar prosjektkoding for ulike typar Covid-19 relaterte kostnader.

På HEFØ er det det pr tertial ekstra kostnader knytt til Covid-19 på kr 1.5 mill.

I tillegg er lønskostnader for fast tilsette ført mot Covid-19 prosjektkodar som til dømes vaksineringsarbeid tilsvarande 1.3 mill.

Andre kostnader.

Budsjettet for 2021 vart lagd med halvårseffekt for innsparing, men prosessane kring desse tiltaka har ikkje lete seg gjennomføre. Behov for budsjettjustering på Kr. 300.000 + kr. 150.000 = kr. 450.000 grunna ikkje gjennomførte tiltak.

Ultralyd Lærdal Sjukehus

Kommunen har no fått tilsendt faktura på kr 96.000 som delfinansiering av Ultralydutstyr ved Lærdal Sjukehus. Jfr KS vedtaket skal dette belastast HEFØ, men det er ikkje vedteke på kva funksjon. Beløpet lå ikkje i budsjett.

Ansvar 310 Pleie og omsorg

Tenesteleiar Essi Mäki

Kjerneoppgåver:

planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.

- **Institusjonstenester**
 - Helsehjelp, behandling, rehabilitering, avlastning, korttidsopphold, og langtidsopphold i institusjon
- **Tenester i eigen heim/omsorgsbustad**
 - Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, rehabilitering, matombringning, trygghetsalarm/velferdsteknologi

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Samhandling i tenesteytinga med brukar, pårørande, nettverk, og andre tenesteytar, som ergoterapeut, fysioterapeut, sjukeheimslege, fastlege, tannlege, og spesialisthelseteneste. Samhandling og samarbeid internt med tenesteeiningar teknisk på bygg /bustader.

Viktige hendingar:

- Samarbeid med Alarmsentralen og NetNordicOmsorg om innføring av velferdsteknologiske løysingar
 - opplæring i velferdsteknologi – august 2021
- [Leve heile livet](#)
- Kvardagsrehabilitering ble søkbar teneste frå 01.06.2021
 - informasjon om [kvardagsrehabilitering](#)
- Tilsetting av aktivitets-og besøksvert i helsetunet for perioden 05.07.21-31-12-21 (mellombels tilsett med midlar frå Statsforvaltaren)
- Tilsetting av aktivitetsvert i heimebaserte tenester for perioden 01.09.21-31.12.21 (mellombels tilsett med midlar frå Statsforvaltaren)
- Tilsyn frå Arbeidstilsynet i heimebaserte tenester 22.09.2021 med fokus på systematisk HMS-arbeid

Mål/utviklingsområde:

- God ressursutnytting av personale
 - Heiltidskultur
- Sakshandsaming
 - oppdatering av prinsipp og kriterium for tildeling av tenester i pleie og omsorg
 - oppdatering av forskrift om tildeling av langtidsopphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad, særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester -kriterier og venteliste, Aurland kommune
 - oppdatering av tenesteerklæringar
- Kvardagsrehabilitering
- Innføring av velferdsteknologiske løysingar
- Deltaking i gode pasientforløp mars 2021- september 2022
- Leve heile livet
- Strategi for å rekruttere og behalde i helse og omsorg
 - Samarbeidsbesøk på Aurland barne-og ungdomsskule om rekruttering november 2021
- Oppdatering av informasjon på kommune sitt nettsida om pleie og omsorg
- Planlegging av byggeprosjekt for fleire bueiningar med heildøgnstenester

Målet er at dei fleste skal bu lengst mogleg i eigen heim, kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi støtter dette målet. Dette er eit prosess i samarbeid med fleire noko som krev tid, planlegging, gjennomføring og god evaluering. Dette betyr at gevinst vil ein ikkje kunne sjå før på eit seinare tidspunkt.

Kort resultatvurdering:

Pleie og omsorg har over lengre tid hatt utfordringar i samband med rekruttering. Utfordringa med rekruttering har vore særskilt stor i heimebaserte tenester. Manglande bemanning fører til auka kostnad på overtid og kostnadar på bruk av vikarar. Manglande grunnbemanning i samband med rekrutteringsutfordringar fører til at tenestene har måtte nytta vikarar til dømes ved sjukefråvær. I veke 25-32 har heimebaserte tenester nytta vikarbyrå for å kunne yte forsvarlege tenester. Manglande bemanning fører også til at ein ikkje kan drifte tenestane forsvarleg utan å ta inn vikarar til dømes ved sjukdom, jf. helse og omsorgstenestelova § 4-1, helsepersonellova § 4. Både i helsetunet og i heimebaserte tenester har det vore utfordringar med sommarturnus og ferieavvikling, av den grunn er det gitt tilbod om 750,- som ekstra betaling for tilsette for å dekke opp ledige vakter. Ein konsekvens av utfordringane er også at heimebaserte tenester i sommarperioden har redusert tilbod om praktisk bistand. I 2021 har det vore stor auka i forbruk av smittevernutstyr, særleg hanskar og munnbind i det daglege arbeidet. Kommunane har også vore pålagt å kjøpe inn smittevernutstyr til beredskapslager, til dømes hanskar, munnbind, smittefrakk, augevern, huer, og filter til masker. Auka bruk av smittevernutstyr, saman med innkjøp til beredskapslagar, samt auka pris på varer har ført til uforutsette kostnadar. Pleie og omsorg har også hatt uforutsette utgifter på samarbeid med Alarmsentralen.

Situasjonen med tanke på rekruttering har pr. 01.10.2021 betra seg i heimebaserte tenester. I løpet av hausten/vinter kjem tilsett til sjukepleiarstilling og ledig helsefagarbeidarstilling. Helsetunet derimot manglar sjukepleiar i 100 % og 80 % stilling.

Pleie og omsorg driv med fleire utviklingsprosjekt og å få til utvikling krevja ein balanse mellom oppgåver på drift og utvikling.

[Ansvar 311 Bu- og miljøtenesta,](#)

Tenesteleiar Christine Warholm Naasen

Kjerneoppgåver:

- Planlegging, vurdering, tildeling og drift av helse- og omsorgstenester etter helse og omsorgstenestelova.

Tenester i eigen heim/ omsorgsbustad med heildøgnssteneste:

- Helsehjelp, praktisk bistand og opplæring, avlastning, støttekontakt, omsorgsstønad

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

Samhandling i tenesteytinga med brukar, pårørande, verje, nettverk, koordinerande eining og andre tenesteytarar, som psykiatrisk sjukepleiar, ruskonsulent, ergoterapeut, fysioterapeut, skule, barnehage, fastlege, tannlege og spesialisthelsetenesta. *Samhandling og samarbeid internt* med tenesteeininga teknisk på bygg/bustader, og pleie og omsorg om helsetenester i heimen.

Viktige hendingar:

- Samarbeid med Alarmsentral og NNO om innføring av velferdsteknologiske løysingar.
- NNO opplev forseinkingar frå leverandørane av teknologi og melder om at kommunane som har signert rammeavtala truleg kan få tilgang til teknologien i løpet av hausten 2021. Forseinkinga påverkar prosessen for å ta i bruk nye teknologiar i eininga.
- Kontinuerleg omstilling og tilpassing av drift i høve Covid-19 pandemi og overordna smittevernregler.
- Det har vore ei auke i tenesta avlastning i 2. tertial, som vil halde fram i 3 tertial.

Mål/utviklingsområde:

- Innføring av velferdsteknologiske løysingar.
- Kontinuerleg fokus på kompetanseheving for alle tilsette i høve smittevern og revidering/ oppdatering av rutinar for smittevern, tilpasse brukarbehov og tenester i tråd med nasjonale rentningslinje, oppdatering av smitteplaner og beredskapsplaner for smitteutbrot i eininga.

Kort resultatvurdering:

- Eininga har gjennomført opplæring med NNO i august.
- Eininga jobbar kontinuerleg med smittevern.

Rekneskapan syner eit avvik på – 5 %. Dette avviket vil utjamna seg i 3 tertial. Forseinkinga frå leverandør av velferdsteknologi påverkar implementering i eininga. Bu og miljø såg potensiale for

1 mill reduksjon på ein årsverknad ved å ta i bruk velferdsteknologi, når budsjett vart lagt for 2021. Reduksjon vil truleg tidlegast kome i 3. tertial, avhengig av om kommunen får tilgang til teknologi. Eininga har etablert fleire avlastningstiltak i 2. tertial, som har medført auka driftskostnader. Prognosane tilseier difor samla sett eit overforbruk, estimert til 400 000 kr.

Ansvar 500 Teknisk

Tenesteleiar Reinhardt Sørensen

Kjerneoppgåver/overordna bilde av ansvarsområde:

- Eigedsforvaltning og grunnverv
- Drift og forvaltning av kommunale vegar
- Drift og forvaltning av kommunale bygg
- Drift og forvaltning av vatn og avlaupsanlegg
- Drift av miljøstasjon og grøntanlegg
- Brannberedskap og førebyggjande brannvern
- Kommunal beredskap
- Vassforvaltning, ureiningssaker og utsleppsaker
- Kart, geodata og oppmåling

Fellesoppgåver som verksemda har ansvaret for (tverrfagleg):

- Gjennomføre kommunale investeringar og prosjekt.
- Delta i rådgjevingssprosjekt knytt til gjennomføring av investeringstiltak i andre tenesteeiningar.
- Kommunal beredskap, beredskapskoordinator.
- Oppfølging av Plan- og eigedomsutval (frå august 2021).

Viktige hendingar i 2.tertial:

- Bygging av ny barnehage.
- Riving av gammal fløy Aurland Helsetun.
- Prosjektering og anbudsgrunnlag nybygg Aurland Helsetun.
- Bygging av VA mellom ny barnehage og Hopen.
- Etablering av parkeringsareal Vassbygdi og Undredal.
- Oppstart utgreiingsarbeid om framtidig bruk av Vangen barnehage.
- Oppstart av arbeid med nytt investeringsreglement.
- Prosjektering av miljø-/habitattiltak Flåmsvassdraget og Nærøyvassdraget.
- Avklaringar i høve realistisk framdrift for delar av bustadfelta Ty og Smiebakken. Prinsippavklaringar og prosjekteringsarbeid for nytt bustadfelt på Ty – øvre del.

- Utbyggingsavtale for bustadområde Fretheimshaugane – del 2.
- Prosjekteringsarbeid for ny turveg Heggvikji – Bøen.
- Realisering av vedteken parkeringsstrategi og organisasjonsform, i samband med Aurland trafikk og parkering.
- Planlegging og prosjektering av utviding av parkeringsareal P4 i Gudvangen.
- Bygging av nytt vannbehandlingsanlegg Tjødni i Flåm.

Mål/utviklingsområde:

Års- og utviklingsplan for Teknisk - 2021

- Fokusområde og prioriterte tiltak.
 - o Sideterrengsinspeksjonar
 - o Drifte og oppdatere Sinus vegforvaltning
 - o Oppfølging av prioriterte tiltak i kommunale arealplanar
 - o Vidareutvikling av internt kvalitetssystem.
 - o Tenesteskildringar – oppdatere og lage for dei områda som manglar.
 - o Utarbeide fire årig geodataplan for heile organisasjonen.
 - o Innføring av modular FDVU
 - o Ferdigstilling og ta i bruk norm/system for reinhald.
 - o Oppdatering VA base som grunnlag for hovudrullering av hovudplan for VA.
 - o Tilsynsstrategi og program for tilsyn med private avlaupsanlegg.
 - o Aurland trafikk og parkering – innføring av gebyr, administrering, tilrettelegging og opparbeiding av areal m.fl.
 - o Oppfølging av trafikktryggingstiltak i gjeldande plan
 - o Retningslinjer – tildeling av kommunale tomter.
 - o Oppdatere VA norm ÅLAV.
 - o Utarbeide 4 årig vedlikehaldsplan for kommunale bygg - strategidokument.

Kort resultatvurdering:

Konsekvensane av Covid-pandemi har vore merkbar i form av tapte inntekter på vatn til cruisenæring og næringslivet, samt tapte torginntekter på om lag kr 2,2 mill. Eininga har ikkje tilsett i vakante stillingar som tiltak for å halde driftsramma. Tapte inntekter på VA vert dekkja av sjølvkostfond. Dette fondet vil no vera i minus etter inndeckinga. Det kan bli lagt opp til ei stegvis opptrapping av gebyret i åra framover. Vi har då teke høgde for at sal av VA kan kome tilbake til opphavleg nivå. Dersom dette skjer vil gebyret bli redusert. Eininga har også hatt kr 400 000 i tapte inntekter på symjehall og trimrom som følgje av stenging, samt avgjerd om gratis inngang i gjenopningsfasen etter pandemi. Eininga har hatt kr 400 000 mindre inntekter på Vassbygdi industribygg som følgje av sal av bygget.

Pandemien har også ført til auka pris og etterspurnad på materialer. Dette får direkte konsekvens mot både investeringar, drift og vedlikehald.

Vedlikehaldsetterslep:

I samsvar med års- og utviklingsplan for Teknisk vert det gjennomført kartlegging av behov for vedlikehaldsarbeid på kommunale bygg med einingane kvar vår. Gjennomførte rundar synar at etterslepet på sjølve bygga og som bør løysast på kort sikt er på om lag 12 mill. I tillegg kjem behov på eigedom og vegar. Nokre av vedlikehaldstiltaka er hastetiltak. Dersom eininga skal få utført vedlikehaldsarbeid for 2021 må rammene aukast. Dette føreset overskot på drifta til kommunen totalt sett og at dette blir prioritert i tertial og budsjett. I samsvar med års- og utviklingsplan for Teknisk er det utarbeidd strategidokument for vedlikehald.

Investeringar

Det er generelt høg investeringsaktivitet i kommunen, med totalt 58 prosjekt. Det er krevjande å sikre god prosjektstyring og framdrift ved sida av andre driftsoppgåver og beredskapsarbeid.

Vi har registrert at det er relativt stor generell prisauke på alle områder, noko som påverkar kostnadskalkylane innan ein del prosjekt.

Naudsynte justeringar på finansiering vert handtert gjennom budsjettreguleringa.

Investering med budsjettregulering

Prosjektnr	Prosjekt	Buds(end) 2021	Regnskap	Forventa	Bud.reg	Bud.reg
			pr.11.10.21	31.12.	opp	ned
			2021	2021	2021	
20001	Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg	8 000 000	4 941 093	8 000 000		
	Prosjekt og framdrift er i samsvar med sentralt styringsdokument for prosjektet. Riving av 78 fløy er gjennomført, detalprosjektering er ferdig og nybyggdel er ute på anbod. Det er utført mindre reguleringsendring for tomta. Tiltaket er ikkje fullfinansiert og det blir lagt opp til ei fullfinansieringssak i desembermøte. Anbudsfrist er i midten av november og endelege kostnadskalkylar kan difor leggast fram i desember.					
20002	Ny barnehage (2020)	45 095 000	32 016 627	45 098 000		
	Framdrift om lag i samsvar med framdriftsplan og sentralt styringsdokument for prosjektet. Ihht kontrakt skal arbeidet vera klart 1 november 2021. Tenestoområde skal nytte november og desember på å flytte inn i ny barnehage og skal vera i drift frå januar 2022.					
20003	Turveg Heggviki - Bøen (2020)	3 400 000	539 947	3 400 000		

	Prosjektet om lag i samvar med sentralt styringsdokument. Prosjekteringsarbeid har teke noko lengre tid enn planlagd, blant anna på grunn av samordning med sikringstiltak Statens Vegvesen og privat eigedom. Parsell 1 Heggvikji - Kvitt er ferdig detaljprosjektert. Arbeid med grunnnerverv pågår og det skal gjennomførast rettsmekling og mogleg skjønn i tingretten for to av eigedomane. 50% av prosjektet skal finansierast eksternt jf kommunestyrevedtak.					
20004	Oppgradering kommunale bruer	2 300 000	14 754	2 300 000		
	Oppgradering av kommunale bruer er tildelt og skal gjennomførast fortløpande.					
20006	Omlegging av tilkomstveg A - feltet	2 200 000	3 220 222	3 300 000	1 100 000	
	Tiltaket er gjennomført og er utført i hht sentralt styringsdokument, det blir søkt om ferdigattest. Det pågår sluttoppgjer med entreprenør. Prosjektet har hatt auka omfang, samt prisauke. Blant anna trykkimpregnering har hatt vestentleg auka omfang/prisauke.					
20007	Opparbeiding av parkering Gudvangen	600 000	104 327	600 000		
	Oppfølging av reguleringsplan for Gudvangen og "Aurland trafikk og parkering". Forhandlingar om kjøp av grunn/parkeringsavtale.					
20008	Gatelys Kleivi - Steinshølen	350 000	139 580	350 000		
	Slutføring av prosjekt 2020, Mesta er ansvarleg utførande.					
20010	Infiltrasjonsanlegg Gudvangen	250 000	8 181	250 000		
	Posten omfattar slutføring av prosjekt og utbetaling til grunneigar.					
20011	Vannbehandlingsanlegg Flåm	2 400 000	43 079	2 400 000		
	Tiltaket er detaljprosjektert og under oppføring. Blir ferdigstilt i 2020.					
20012	Ledningar Ryggjatun - Vangen	500 000	128 886	500 000		
	Leidningar er lagt, asfaltering utførast i midten av oktober.					
20015	Teknisk bygg Gudvangen	500 000	1 009 004	1 100 000	600 000	
	Sluttkjøp for teknisk bygg. Inntekter som følgje av sal av del av bygget er kome inn på kapitalfond.					
20016	Hovedplan VA	300 000	4 917	50 000		-250 000
	Posten skal nyttast til oppdatering av VA karta før hovudrullering av VA plan. Arbeidet dannar viktig grunnlag før rullering av arealdelen til kommuneplan.					
20017	Vatn og avløp Bakka	250 000	90 659	150 000		

	Arbeidet er utført, står att dokumentasjon, sanitærabonnement og installering av vassmålur.					
20019	Nærmiljøanlegg leikeplassar	700 000	370 319	700 000		
	Posten er nytta til anlegg i Undredal, ferdigstilling av anlegg påstarta 2020. Deler av posten skal nyttast som medfinansiering av leikeanlegg i Flåm. I tillegg vert det arbeidd med oppgradering av eksisterande anlegg jf Årskontrollen 2021.					
20020	Rassikring Nedre Brekke Flåm	6 500 000	6 266 864	6 500 000		
	Prosess i samsvar med sentralt styringsdokument, arbeidet slutført, det pågår forhandlingar om sluttoppgjer med entreprenør. I prosjektet har det vore meirarbeid i høve prosjektering og endra løysing i nord. Dette vil bli omtala i sluttrapport med sluttrekneskap.					
20021	Overtaking Ytstebøen bustadfelt	2 500 000	102 095	500 000		-2 000 000
	Detaljprosjekteirng av nye kummar pågår, asfaltering blir utført 2022.					
20022	Rassikring Fiskhammar - veg	650 000	511 949	850 000	200 000	
	Arbeidet vert slutført i år.					
20027	ENØK - tiltak (2020)	900 000	102 187	900 000		
	Det pågår anbudsprosess for tiltak.					
20028	Breibandutbygging (2020)	2 100 000	215 625	2 100 000		-220 000
	Blir utført ihht. plan.					
20030	Uteområde Furuly	150 000	4 917	150 000		
	Innkjøp av markiser/slutføring av prosjekt pågår.					
20037	SIKRINGSPROSJEKT GEITHUSBERGI 2020	500 000	10 331	200 000		-300 000
	Blir utført oktober/november 2020. Vart skyvd på på grunn av arbeid i regi av BaneNor i sommar.					
20038	SIKRINGSPROSJEKT HALLINGGROVI 2020	1 000 000	478 317	1 200 000	200 000	
	Mellombels tiltak for å få elva inn i rett løp vart utført før sommaren, prosjektering av varige sikrignstiltak pågår. Løyve er gjeve av verneområdestyre, gjennomføring når prosjekteringa er ferdig og byggjeløyve etter pbl er klart.					
20046	OPPARBEIDING SNUPLASS UNDREDAL - POTTEFOT	500 000	551 768	600 000	100 000	
	Oppfging av reguleringsplan og "Aurland trafikk og parkering". Under arbeid, slutføring med asfaltering blir utført 2022. Det blir etablert rasteplass på fylkeskommunal grunn som del av prosjektet. Vestland fylkeskommune har bidrege med massar og planering, og vil bidra med kr 290 000,- til på prosjektet. Oppmålingsarbeid og frådeling av areal som del av kjøp av grunn vert arbeidd med.					
20047	PARKERINGSTILTAK AURLAND PARKERING	500 000	1 000 783	1 500 000	1 000 000	

	Oppfølging av "Aurland trafikk og parkering". Må sjåast i samheng med tomtdelingsplan for næringsarealet, flaumsikring og mindre endring av plan. Vart gjennomført mellombels etablering før høgsesong, vert no ferdigstilt i oktober med asfaltering, ladepunkt, merking, skilting og benker.					
20048	TILTAK TRAFIKKSIKRINGSPLAN	300 000	186 118	300 000		
	Rekkverk og trafikktryggleikstiltak i samsvar med kommunedelplan for veg og trafikktrygging.					
20101	VA anlegg Lindølagrovi - Klokkargarden	800 000	8 181	300 000		-500 000
	Nytt VA anlegg som følgje av fleire tiltak på området, samordning med veg og mur Klokkargarden.					
20102	Inventar Aurland barnehage	1 350 000	-	1 350 000		
	Innkjøp av inventar til ny barnehage, delprosjekt pågår med tenesteininga. Deler av beløp omfatta av posten for ny gangveg AIS.					
20103	Ny kantklyppar	1 100 000	1 207 500	1 210 000	110 000	
	Innkjøp er utført.					
20104	LED belysning Kårdalstunnelen	100 000	24 142	500 000	400 000	
	Under arbeid. Har fått tilsagn frå BaneNor til å ta ut straum i frå Blomhellertunnel på Flåmsbana					
20105	Fagfornyng grunnskular	500 000	392 823	500 000		
	Posten vert nytta som planlagd.					
20106	Flytting av mellombels bustad Ohnstad	100 000	4 917	100 000		
	Arbeider med avklaringar kring alternativ for eventuell flytting eller sal.					
20107	Velferdsteknologi	250 000	199 416	250 000		
	Går som planlagd.					
20108	Høgdebasseng Fretheimshaugane	1 000 000	-	300 000		-700 000
	Mindre endring av plan pågår, samt detaljprosjektering.					
20109	Andel VA Aurlandsvangen	700 000	4 917	700 000		
	Avtale med Br. Wangen i høve kommunen sin eigenandel. Handterast gjennom eigen avtale.					
20110	Overvassledning Hopen - ny barnehage SJH	3 100 000	3 628 497	4 200 000	1 100 000	
	Omfattande arbeid med tilpassing og samordning med ny barnehage, samt reasfaltering av uteområde på ABU. Blir gjennomført mindre endring av plan for justering av gangveg, samordna med ny Tuftepark.					
20112	Dagsturhytte	-	49 000	50 000	50 000	
	Slutføring i regi av kultur.					
20113	Nærmiljøanlegg ABU	1 200 000	118 750	200 000		-800 000
	Budsjettert ned i år, skal søkjast om tippemidler 2022. Samordna med justering av gangveg i samband med OVA Hopen - ny barnehage/SJH.					

20114	Opparbeiding Ty - utbygging	3 200 000	200 412	500 000		-1 870 000
	Framdrift i samsvar med sentralt styringsdokument. Detaljprosjektering pågår, anbudsgrunnlag klart oktober 2021. Blir gjennomført mindre endring av plan for innarbeiding av snuhammar for brannbil/søppelbil, samt forankring av åtte einebustadtomter. Vert førebudd frådelingssøknad av åtte tomter. Oppstart av bygging infrastruktur januar 2022.					
20115	Nytt inngangsparti rådhuset	500 000	30 284	500 000		
	Vert detaljprosjektert av arkitekt, skal ut på anbod i løpet av året.					
20116	Vangen kyrkje	400 000	404 917	450 000		
	Dreneringsarbeid er utsett til 2022.					
20117	Rehabilitering gatelys	300 000	245 599	800 000	500 000	
	Nye gatelys og kabelgrøfter, om lag 70 pkt.					
20118	Ladepunkt	320 000	103 753	320 000		
	Etablering av ladepunkt på tenestebygg, posten inkluderar kabelgrøfter m.m.					
20119	Vassleidning Orøyane - Fretheim hotell	100 000	351 306	360 000	260 000	
	Arbeidet er avslutta.					
20120	Sikringstiltak Brekkeelvi	500 000	413 181	450 000		
	Avslutta, tilskot frå NVE.					
20121	Sal av Vassbygdi næringsareal	300 000	482 365	600 000	300 000	
	Gjennomføring av formannskapet sitt vedtak om sal av to parsellar frå industriområdet. Løyve til frådelingar er gjeve og det er rekvirert oppmålingsforretningar. Det blir prosjektert flaumsikringsvoll i samsvar med flaumvurdering av Asplan Viak AS. Arbeidet er også forankra i tomtedelingsplan, etableringa av parkeringsareal på området og mindre endring av plan.					
20122	Rassikring Skaim	500 000	388 076	500 000		
	Oppfølging av skredheinga som medførte evakuering. Det er gjennomført forprosjektering av sikring som har danna grunnlag for søknad om tilskot til NVE. Kostnadsalkyla syner sikringstiltak til om lag 15 mill.					
20123	Miljøtiltak Flåmsvassdraget	2 100 000	5 165	2 100 000		
	Detaljprosjektering av miljøtiltak pågår.					
20124	Miljøtiltak Nærøyvassdraget	500 000	5 172	500 000		
	Detaljprosjektering av miljøtiltak pågår.					
20125	Utviding av parkeringsareal P4 i Gudvangen	-	206 744	250 000	250 000	

	Oppfølging av "Aurland trafikk og parkering". Det blir gjennomført mindre endring av plan for utviding av parkeringsareal P4, som omhandler 14 parkeringsplassar for El-bil lading. Tesla ynskjer å etablerer el-ladestasjonar på området.					
21011	Brannvarsling Undredal	-	294 160	-		
	Det er ført midlar som følgje av brannsikringsprosjektet for Undredal på investering. Dette er midlar som er feilført og som førast over på drift. Dette er kostnader som kjem kvart 3 år som følgje av avtaler inngått i samband med brannsikringsprosjektet, total kostnad kvart 3 år er 450 000. Dette er kostnader det ikkje er teke høgde for i driftsrammene og vil medføre konsekvensar i høve andre postar.					
21102	OTTERNESTUNET (2012)	300 000	260 742	500 000	200 000	
	Tilrettelegging i samband med drifta av Otternes, tilrettelegging for konsept for servering, frådeling og overføring til Stiftinga.					
21103	IKT - INVESTERINGAR	2 000 000	658 821	2 000 000	220 000	
	Posten vert nytta til IKT investeringar i samsvar med økonomiplan. Auke skuldast innkjøp av nye pc'ar til skulane i samband med overgang til IKTNH.					
85039	PARKERING FLÅM KYRKJE	190 000	-	190 000		
	Slutføring avtale om kjøp av areal.					
90021	OPPARBEIDING AV FRETHEIMSHAUGANE DEL 2	-	35 065	50 000	50 000	
	Oppfølging av utbyggingsavtale med kjøpar av arealet. Det pågår frådelingsarbeid for dei to områda som skal overdragast til ny heimelshavar.					
	TOTALT	103 855 000	61 786 454		6640000	-6640000

Vedtakscodeoversikt

10.10.2021 15.45.36

Beathe Ekhall Stentvedt

Periode: 01.05.2021- 31.08.2021

Vedtakscode 10 – Vedtak påført (18 saker)

JPID	Tittel	Saksbehandler	Vedtaksdato	Merknad
2021004626	Bruk av lånemidler – budsjett 2021	Beathe Ekhall Stentvedt	17.06.2021	
2021004046	Søknad om tilskot til etablering av bedrift	Ingeborg Lysne	17.06.2021	
2021004171	Nytt økonomi- og innkjøpsreglement	Steinar Sjøgaard	10.06.2021	
2021004227	Utgreiing - framtidig organisering av skule og barnehage i Flåm - driftsanalyse av Aurland barne- og ungdomsskule	Steinar Sjøgaard	10.06.2021	
2021004520	Klage på vedtak i KS-sak 011/21	Steinar Sjøgaard	17.06.2021	
2021006022	Klage på vedtak – søknad om dispensasjon frå plankrav og bustadforemål i reguleringsplan for Undredal GBNR 51/18	Heidi Øyarhamn	30.08.2021	
2021004556	Innspel til økonomiplan 2022-2025	Norunn Haugen	30.08.2021	
2021003791	Aurland hamnevesen KF - Årsmelding og rekneskap 2020	Tor Mikkel Tokvam	17.06.2021	
2021004775	Utbygging Ty bustadfelt - prinsippavklaringar for vidare detaljprosjektering	Jan Olav Åsarmoen Møller	29.06.2021	
2021003900	Søknad om dispensasjon frå LNF-område - Rassikring Flåmsbana - Høyring og offentleg ettersyn	Tirill Evensen	31.05.2021	
2021003960	Søknad om godkjenning av bestandsplan for hjort i Aurland kommune 2021-2023 - samt konkretisering av fellingsmål for sesongen 2021/22	Øi Knut Fredrik	31.05.2021	
2021003557	Områdeplan for Flåm utlegging til offentleg ettersyn og høyring	Anja Marken	18.05.2021	
2021003431	Reguleringsendring Skinnarviki - Tjøresva - Høyring og offentleg ettersyn	Tirill Evensen	18.05.2021	
2021003773	Tertialrapport 1. tertial 2021 med budsjettendringar	Beathe Ekhall Stentvedt	10.06.2021	
2021004297	Alarmsentralen Sogn og Fjordane - selskapsavtale	Essi Mäki	10.06.2021	

2021004031	Søknad om tilskot til verskapsrolle - Pop Up Otternes	Ingeborg Lysne	10.06.2021
2021004282	Intensjonsavtale mellom IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap (IKTNH) og Aurland kommune	Beathe Ekhall Stentvedt	10.06.2021
2021003849	Restaurering av mur ved kyrkjegarden i Aurdalen, Østerbø	Camilla Marie Hafstad Hansen	10.06.2021

Vedtakskode 20 – vedtak ekspedert (9 saker)

JPID	Tittel	Saksbehandler	Vedtaksdato	Merknad
2021003971	Søknad om dispensasjon frå plankrav og bustadføremål i reguleringsplan for Undredal gbnr 51/18	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	melding om vedtak sendt søkar
2021003702	Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet til etablering av anlegg for behandling av vatn	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	melding om vedtak sendt søkar
2020005933	Fastsetting av planprogram - detaljregulering med konsekvensutgreiing for Holmen gruve og deponi	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	vedteke planprogram er gjort kjent
2021001421	BaneNor - søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet - snøskredsikring Kleven langs Bergensbana	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	tiltakshavar har fått melding om vedtaket
2021003586	Bøen - Skjerping gnr 60, bnr 2 - vurdering av planinitiativ	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	melding om vedtak sendt søkar
2021003706	TV-aksjonen NRK - Plan International 2021	Hanna Hjellum Borlaug	16.06.2021	
2020005110	Bruk av velferdsmidlar 2020	Beathe Ekhall Stentvedt	04.05.2021	
2021003634	Fastsetting av planprogram - detaljreguleringsplan for Nærøyfjorden næringskai	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	melding om fastsett planprogram er sendt tiltakshavar
2021001888	Klagehandsaming - gnr 49 bnr 77 - mellombels bruk av fotballbana i Flåm til parkering	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	klagesak sendt Statsforvaltaren

Vedtakskode 30 – vedtak under arbeid (6 saker)

JPID	Tittel	Saksbehandler	Vedtaksdato	Merknad
2021000548	Kommuneplan for Aurland kommune 2021-2033 - samfunnsdelen, vedtak av planprogram	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	planprogrammet vert følgt opp gjennom arbeid med
2021004535	Stortingsvalet 2021 - val av røystestyre	Beathe Ekhall Stentvedt	12.07.2021	

2021003628	Omsetning av konsesjonskraft 2022-2025	Norunn Haugen	16.08.2021	Saka overført til rådmann for videre oppfølging
2021002545	IKT-driftsamarbeid - val av ny retning	Beathe Ekhall Stentvedt	04.05.2021	
2021000886	Industribygget i Vassbygdi	Beathe Ekhall Stentvedt	02.06.2021	
2021002753	Oppfølging av bustadpolitisk handlingsplan	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	Arbeidet vert følgt opp i gjennom arbeid i politisk nedsett gruppe

Vedtakskode 40 – vedtak utført (26 saker)

JPID	Tittel	Saksbehandler	Vedtaksdato	Merknad
2021000918	Skahjem Kristin og Skjerdal Torgeir - søknad om dispensasjon frå reguleringsplan	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	
2021002868	Fråsegn til miljø-, transport- og anleggsplan for 420 kV Sogndal - Aurland	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	aurland kommune si fråsegn til planen er sent til NVE
2020005779	Kommunal planstrategi 2020-2023 - vedtak	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	kommunal planstrategi vedteken jf plan og bygningslova
2021003959	Årsrekneskap og årsmelding 2020	Beathe Ekhall Stentvedt	24.06.2021	
2021004561	Tilskot til Politikameratane	Beathe Ekhall Stentvedt	24.06.2021	
2020003837	Reguleringplan Viki - avklaring av reguleringsføremål felt B1	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	
2020008334	Samfunnsdelen til kommuneplanen - høyring av planprogram og oppstart av planarbeid	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	oppstart av planarbeid er varsla og høyringsperioden for
2021002607	Leve heile livet - plan for lokal gjennomføring av reforma	Norunn Haugen	16.08.2021	Søknader om prosjektfinansiering er sendt og det er gitt tilsagn.
2020008851	Lokal forskrift for gebyr: Privat reguleringsplan, byggje- og delesakshandsaming - oppstart	Norunn Haugen	16.08.2021	Utkst på høyring
2020006272	Interkommunal samarbeidsavtale om bruk av kohortavdelingar i Helse Førde regionen	Guri Olsen	25.08.2021	
2020003884	Kommunal planstrategi for Aurland kommune 2020-2023	Ingunn Bårtvedt Skjerdal	09.07.2021	planstrategien har vore på høyring og er vedteken
2021003318	Kulturmidlar 2021	Monica Hille	26.07.2021	Kulturmidlar er utbetalt i juli 2021

2021003526	Oppretting av bustadpolitisk utval	Norunn Haugen	16.08.2021	
2020007455	Utviklingsmeldinga for oppvekst Aurland kommune for skuleåret 2019 - 2020	Beathe Ekhall Stentvedt	02.06.2021	
2020008774	Val av valstyre og organisering av val	Beathe Ekhall Stentvedt	02.06.2021	
2021000839	Regionalt samarbeid om digitalisering i Vestland, DigiVestland	Beathe Ekhall Stentvedt	02.06.2021	
2021001899	Suppleringsval og val av leiar for 2021 i arbeidsmiljøutvalet	Beathe Ekhall Stentvedt	02.05.2021	
2021002341	Suppleringsval til generalforsamling Sogn Sparebank	Beathe Ekhall Stentvedt	02.05.2021	Sendt vedtak på e-post 02.05.21
2021001844	Bruk av velferdsmidlar 2021	Beathe Ekhall Stentvedt	02.05.2021	Sent informasjon om vedtaket til leiarforum 22.03.21
2021001900	Årsrapport arbeidsmiljøutvalet 2020	Beathe Ekhall Stentvedt	02.06.2021	
2021004288	Søknad om tilskot til gjennomføring av hovudprosjekt - UNESCO Verdsarvsenter Nærøyfjordområdet	Norunn Haugen	23.06.2021	
2021003979	Samarbeid med Lærdal kommune om næringsarbeid - mellombels ordning	Norunn Haugen	23.06.2021	Tilbakemelding frå Lærdal kommune.
2021003775	Aurland kyrkjestyre - auke i festeavgifta	Beathe Ekhall Stentvedt	24.06.2021	
2021000505	Strategi for omsetning av konsesjonskraft - mandat	Norunn Haugen	23.06.2021	
2021004106	Uttale frå Aurland kommune til vilkårsrevisjon for Arnafjord og Vikvassdraga	Norunn Haugen	23.06.2021	
2021004242	Regional Vassforvaltningsplan 2022-2027 - høyringsuttale frå Aurland kommune	Norunn Haugen	23.06.2021	

Harald Mo (NO) <harald.mo@pwc.com>

Klage på vedtak 16/2021 i Kontrollutvalet

1 e-post

Lars Arne Stundal <post@stundal.no>
Til: "Harald Mo (NO)" <harald.mo@pwc.com>
Kopi: frode.bekkestad@redaoilfield.com, post@aurland.kommune.no

11. oktober 2021 kl. 21:56

Hei

Vedlagt følger min klage på Kontrollutvalet sitt vedtak 16/2021.

Mvh
Lars Arne Stundal

Den 22.09.2021 11:35, skrev Harald Mo (NO):

Til Lars Arne Stundal

Kontrollutvalet har fått orientering fra administrasjonen om saka di. Vedlagt følger møteboka som viser kontrollutvalet sitt vedtak.

Mvh

Harald Mo
Sekretær kontrollutvalet**008 Klage på vedtak 16 2021 i Kontrollutvalet.docx**
20K

Kontrollutvalet i Aurland

Leiar Frode Bekkestad

5745 Aurland

11.10.2021

Klage på vedtak 16/2021 i Kontrollutvalet

Viser til dykkar epost av 22.09.2021, vedlagde møtebok av 14.09.2021, og klagar med dette på vedtaket i sak 16/2021.

For det fyste vil eg påpeika at eg i brev av 30.05.2021 ba Kontrollutvalet vurdere om kravet til dispensasjonshandsaming er i samsvar med plan og bygningslova § 1-8, andre og fjerde ledd, men det kan eg ikkje sjå er gjort i dykkar vedtak i sak 16/2021.

Det vert vist til ei orientering frå sakshandsamar Skjerdal, som etter mitt syn har sett fram krav om dispensasjonshandsaming utan at det føreligg grunnlag for det i plan- og bygningslova, og det er dette eg har bedt dykk om å vurdere.

Ho har i tidlegare brev av 11.02.2021 sett fram ein påstand om dispensasjonshandsaming etter plan- og bygningslova § 1-8 utan å vise til kva ledd ho legg til grunn for dette kravet.

Sakshandsamar Haugen har i brev av 18.06.2021 sett fram påstand om at dette er rett, utan å vise til kva ledd i plan og bygningslova ho legg til grunn.

Skjerdal si orientering gir derfor ingen meining, all den tid det er grunn til å stille spørsmål ved både habiliteten, og at vedtaket ikkje viser kva ho har lagt til grunn i orienteringa den 14.09.2021.

Påstanden om at dette er rett fram står difor som lite truverdig.

Forbodet i plan og bygningslova § 1-8 andre ledd vert oppheva i § 1-8, fjerde ledd, og då vert spørsmålet kva punkt i § 1-8 som er lagt til grunn for å kravet om dispensasjonshandsaming.

Spørsmålet vert med andre ord kva punkt i § 1-8 ein skal søkje om dispensasjon i frå, i og med at forbodet i andre ledd vert oppheva i fjerde ledd?

Det fram står som kritikkverdig at de fattar vedtak utan å vurdere det aktuelle lovverket, og eg ber difor om ny vurdering av saka. Eg har som tidlegare nemnt i brev 07.05.2021 vorte påført urettmessige utgifter på kr. 6000,- som følgje av sakshandsamingsfeil, og eg ber om å få refundert dette når de har fått vurdert saka etter gjeldande lovverk.

Ber og om at de handsamar punkta eg tok opp med dykk i epost av 15.08.2021, då eg ikkje kan sjå at eg har fått noko svar på desse.

Epost 15.08.2021;

«Eg har klaga på sakshandsaminga i samband med feilinformasjon om bruksendring, krav om dispensasjonshandsaming, og bedt om å få tilbakebetalt det som eg har betalt for mykje i kommunale avgifter.

Eg har i ei årrekke betalt kommunale avgifter for to brukseiningar til tross for at ein bueining i Forskrift for reguleringsplan, byggje og delings sakshandsaming, oppmåling og eigarseksjonering § 1-9 vert definert slik:

"brukseining som har alle hovudfunksjonar for bustader, slik som stove, kjøkken, soveplass, bad og toalett, og har eigen inngang og er fysisk skilt frå dei andre einingane», jf. SAK §2-2.

Min bustad har i alle år hatt trapp i mellom etasjane, noko som er dokumentert i teikningane som kommunen har, og spørsmålet mitt vert då kva kommunen har lagt til grunn for å kunne krevje doble kommunale avgifter?

I vedlagte dokument har eg og bedt om å få refundert kostnadane eg vart påført som ein følge av kommunen sitt krav om dispensasjonshandsaming. Kravet er etter mitt syn ikkje samsvar med plan og bygningslova §1-8 fjerde ledd, og eg ber difor om at de vurderer dette, slik at eg kan vita kva som gjeld ved eit seinare høve.

Eg har kopiert opp dokumenta og lagt dei i postkassa til Nordgulen.

Ta gjerne kontakt på tlf 91111409 dersom de har fleire spørsmål.»

Med bakgrunn i desse opplysningane ber eg og om innsyn i fakturagrunnlaget kommunen har nytta for å krevje doble kommunale avgifter i ei årrekke.

Viser til slutt til brosjyren frå KS - kontrollutvalget-fokus på kommunal kvalitet, og minner dykk om følgjande;

«Velgerne har gitt deg sin tillit, og med det følger også et stort ansvar. Da er det viktig å vite at kommunestyret har instanser som kan hjelpe til med å overvåke kommunens virksomhet.

***Å bygge opp og vedlikeholde tilliten hos innbyggerne til det politiske system og til kommunen som velferdsprodusent** er kanskje kontrollutvalgets viktigste oppgave. Dette kan de gjøre ved å ha fokus på kvalitet og effektivitet i produksjonen av velferd i kommunen. Kontrollutvalget er kommunestyrets sitt eget redskap for å sikre at den kommunale virksomheten skjer i tråd med gjeldende lover og regler, kommunale planer og vedtak».*

Eg forventer at de tek dette ansvaret på største alvor, og handsamer mine spørsmål i tråd med gjeldande lover og regler, slik at eg kan få tilbakebetalt det eg har krav på.

Mvh

Lars Arne Stundal

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 20/2021 Utkast til møteplan for 2022

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Harald Mo	16.11.2021	20/2021

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet går gjennom og reviderer vedlagte utkast til møteplan for 2022.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	05.11.2021	Sekretariatet	Utkast til møteplan for 2022

Saksutgreiing:

Vedlagt ligg utkast til møteplan for kontrollutvalet i 2022. Utkastet er eit utgangspunkt for planlegging og er såleis meint å endrast i høve til korleis dette passar medlemmene i kontrollutvalet.

Utkast til møteplan for kontrollutvalet i Aurland kommune 2022

I tillegg til disse sakene kjem andre aktuelle saker for kontrollutvalet. Dette er ikkje ei endeleg sakliste, og punkt kan bli flytta mellom møta.

Tidspunkt for møta er 9.00 – 11.00 (lengde avhengig av saksomfang)

Møte	Tidspunkt	Saker:
1. møte	8. februar	<ul style="list-style-type: none">• Årsmelding for kontrollutvalet• Budsjett for kontrollutvalet (orientering om vedtak)
2. møte	26. april (kan bli flytta avhengig av kor tid rekneskapen er klar)	<ul style="list-style-type: none">• Årsrekneskap for kommunen (uttale frå kontrollutvalet)• Bestilling av forvaltningsrevisjon/selskapskontroll (tentativt)
3. møte	7. juni	<ul style="list-style-type: none">• Gjennomgang tertialrapport (1. tertial)
4. møte	13. september	<ul style="list-style-type: none">• Oppfølging av eventuelle revisorbrev• Budsjett kontrollutvalet (forslag til administrasjon)• Handsaming av forvaltningsrevisjonsprosjekt
5. møte	15. november	<ul style="list-style-type: none">• Orientering om eventuelle selskapskontrollar• Gjennomgang av tertialrapport (2. tertial)• Årsmelding for kontrollutvalet – innspel frå medlemmane• Møteplan for neste år

Kontrollutvalet i Aurland kommune

Sak 21/2021 Forvaltningsrevisjon 2022

Sakshandsamar Harald Mo	Møtedato 16.11.2021	Saknr 21/2021
-----------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Saka vert lagt fram utan tilråding men for drøfting i kontrollutvalet.

VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	09.06.2020	Kontrollutvalet	Risiko og vesentlegheitsvurdering Aurland kommune (overordna analyse) 2019 - 2023

BAKGRUNN

Kontrollutvalet vedtok plan for forvaltningsrevisjon i sak 12/2020 med følgjande prosjekt i perioden:

1. Tekniske tenester/ teknisk etat
2. Innkjøp og anbod
3. Klima, berekraft og miljø
4. Kommunen som arbeidsgjevar
5. Kommunikasjon, informasjon og openheit

Kommunestyret vedtok i sak 047/20 Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2019 – 2023 i samsvar med kontrollutvalet sitt framlegg.

Kontrollutvalet har mynde til å gjere endringar og om prioriteringar på planen som foreslått i Plan for forvaltningsrevisjon 2019-2023.

Budsjett 2022 og val av forvaltningsrevisjonsprosjekt

Kommunestyret har ikkje vedteke budsjett for forvaltningsrevisjon for 2022. Kontrollutvalet kan vedta val av prosjekt med forbehold om tildeling av midlar. Etter fastsetjing av budsjettet i desember, så kan arbeidet setjast i gang om det er budsjettert med midlar.

I møtet bør derfor følgjande forhold diskuterast/avklarast:

- Kva prosjekt som skal gjennomførast
- Om forvaltningsrevisjonsprosjektet bør gjennomførast som skildra i vedlagt overordna analyse. Formål og innhald i forvaltningsrevisjonsprosjektet.
- Vidare saksgang med forvaltningsrevisor. Kommunen har rammeavtale med KPMG.

Bestilling

I vedteken plan for forvaltningsrevisjon 2019-2023 vert det tilrådd at kvart enkelt prosjekt blir designa, spissa og avgrensa i samarbeid mellom kontrollutval og revisor. Når det er klart om kontrollutvalet får midlar til forvaltningsrevisjon, så kan sekretariatet sende over bestilling av prosjektplan til forvaltningsrevisor. Kontrollutvalet skal godkjenne prosjektplanen før endeleg bestilling av forvaltningsrevisjon.

Risiko og vesentlegheitsvurdering (overordna analyse)

AURLAND KOMMUNE 2019-2023

9. juni 2020

1. INNLEIING

Etter kommunelova § 23-2 ligg det til kontrollutvalet sitt ansvar og mynde mellom anna å sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap kommunen har eigarskapsinteresser i, samt at det først kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. (eigarskapskontroll).

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-3 fastset at kontrollutvalet minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide ein plan som viser på kva for område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Planen skal baserast på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap. Føremålet med risiko- og vesentlegheitsvurderingane er å finne ut kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Tilsvarande slår kommunelova § 23-4 fast at kontrollutvalet minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, skal utarbeide ein plan for kva for eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. I likskap med plan for forvaltningsrevisjon skal plan for eigarskapskontroll baserast på ei risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen sine eigarskap, i den hensikt å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll.

Denne risiko- og vesentlegheitsvurderingane (overordna analyse) er utarbeidd som ledd i kontrollutvalet i Aurland sitt arbeid med å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for valperioden 2019-2023.

2. FRAMGANGSMÅTE OG INVOLVERING


Denne analysen har vore gjennomført etter følgjande hovudsteg:

1. Tinging og innspel frå kontrollutvalet
2. Gjennomgang av tidlegare overordna analyse, plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2015-2019.
3. Gjennomgang av anna relevant dokumentasjon, herunder:
 - a. Årsrekneskap og årsmelding for 2019
 - b. Kommunebarometeret for 2019
 - c. KOSTRA-statistikk
 - d. Gjennomførte tilsyn frå Fylkesmannen i førre planperiode
 - e. Rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar i førre planperiode
4. Arbeidsmøtedag der kontrollutvalet gjennomførte samtalar med/ intervjuar ordførar, rådmann, politiske gruppeleiarar, tillitsvald og utvalde tenesteeiningsleiarar
5. Oppsummering i kontrollutvalet og fornya analyse
6. Handsaming av risiko- og vesentlegheitsvurdering og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i kontrollutvalet

Føremålet med arbeidet har vore å identifisere område og verksemder som ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Resultatet av prosessen, og kva område kontrollutvalet har definert som prioriterte område, vil bli presentert nedanfor. Først følgjer eit oversyn over teoretisk fundament og vesentlege omsyn som har vore nytta i risiko- og vesentlegheitsvurderingane.


3. TEORETISK FUNDAMENT OG VESENTLEGE OMSYN

Det er nytta ein eigen modell for korleis ein skal kunne identifisere dei mest relevante områda for revisjon. Teoretisk er modellen forankra i statsvitskap, organisasjonsteori og COSO ERM¹ og tek utgangspunkt i kommunal verksemd og tenestetilbod. Skjematisk vil val av forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar bli eit resultat av vurderingar knytt til vesentlegheit og risiko ved verksemda og tenestetilbodet - vurderingar som "trakterer" ut prosjekt i 4 overordna steg. Dette kan illustrerast slik:



¹ The Committee of Sponsoring Organizations of the Treadway Commission. ERM – Enterprise Risk Management
RISIKO- OG VESENTLEGHEITSVURDERING | Aurland kommune 2019-2023

Vurderingar, prioritering og val skjer i høve til ulike kriteria:




Eit grovkorna døme på denne tilnærminga kan knytast til skulesektoren. Kommunen har ansvaret for grunnskulen. Opplæringslova inneheld både føremål og krav; krav til kva kommunen pliktar, elevane sine rettar og kva som er føremålet med skuleopplæringa. Dette gjev føringar som den einkilde kommune må ta inn over seg.

For å etterleve desse føringane, må kommunen setje inn fleire former for input; t.d. ressursar, planlegging, organisering og eigne målsetnader. Dette for å kunne ta elevane gjennom skulegangen og utruste den einkilde slik mål og formål for "sluttproduktet" tilseier.


I heile denne prosessen vil det vere risiko for at mål og føremål ikkje kan overhaldast. Risiko handlar her om å identifisere sannsynlegheita for at skuleaktivitet ikkje vert utøvd i samsvar med mellom anna lovverk, planar, strategiar og budsjett. Med andre ord risiko for avvik frå regelverk mv., og mangelfull verksemd og tenestetilbod.

Den skisserte tilnærminga er knytt til å finne dei vesentlege områda innanfor kommunen der risikoen for mangelfull verksemd og tenestetilbod i størst grad er til stades. Dette kan illustrerast slik:



Forvaltningsrevisjon

Endeleg prioritering av områda for revisjon skjer etter ei vurdering av risiko i høve til sannsynlegheit for at manglar/avvik skal inntreffe og konsekvens av manglar/avvik (vesentlegheit):



For kontrollutvalet har det vore vektlagt at modellen tar høgde for område og revisjonsprosjekt som har ein førebyggjande karakter. Det vil seie at eit revisjonsprosjekt ikkje berre ser tilbake på kva som har skjedd, men at ein kan gå inn på område der det potensielt ligg fare for at verksemda og tenestetilbodet ikkje er tilfredsstillande, og slik sett bidra til forbetring av kommunen si verksemd og tenestetilbod.

4. IDENTIFISERTE OMRÅDE FOR FORVALTNINGSREVISJON

Nedanfor er dei områda kontrollutvalet gjennom prosessen har identifisert som aktuelle for forvaltningsrevisjon lista opp. Rekkefølga inneber ikkje noko form for rangering eller prioritering av områda.

TEKNISKE TENESTER/ TEKNISK ETAT

Teknisk etat er ei av dei større tenesteeiningane i kommunen. Eininga er involvert i dei fleste av kommunen sine investeringar, og forvaltar årleg store midlar på vegne av kommunen og etter vedtak i kommunestyret. Etaten treff også vedtak av stor tyding for mange innbyggjarar. Ansvarsområdet til teknisk sektor er underlagt ei rekkje krav, både formelle lovar og reglar og kommunale reglement osv. Generelt er ansvarsområdet til etaten av ein slik art at det føreligg risiko for avvik og manglar, som igjen kan få vesentlege konsekvensar.

Gjennom prosessen har ein definert ei rekkje problemstillingar som kan vere aktuelle å sjå nærare på i ein forvaltningsrevisjon:

- Korleis etterlev teknisk etat kommunen sitt investeringsreglement?
- Har etaten tilstrekkelege rutinar og praksis for informasjonsflyt og rapportering til politisk nivå, både undervegs i prosjekt og ved avslutting av prosjekt?
- Blir regelverket om offentlege anskaffingar etterlevd, især når det gjeld mindre prosjekt som utvidast?
- Har etaten gode nok rutinar og reglement for kvalitetssikring?
- Gjennomførast prosjekt på ein tids- og kostnadseffektiv måte, til det beste for innbyggjarane og kommunen?
- Korleis er arbeidsmiljøet i teknisk etat, især i periodar med høgt arbeidspress?
- Har etaten klare reglar for habilitet, og blir desse følgd?

ORGANISASJON OG STRUKTUR

Aurland kommune har vore gjennom fase 1 av ein organisasjonsutviklingsprosess, og står ovanfor fase 2.

Korleis kommunen er organisert og strukturert kan ha stor tyding for både kvalitet og effektivitet i tenestene som leverast til innbyggjarane, og til kva kostnad. Dersom organisering og struktur ikkje er hensiktsmessig, kan dette medføre risiko for avvik og manglar, med vesentlege faktiske og økonomiske konsekvensar som resultat. Sett i forhold til andre samanliknbare kommunar har Aurland på fleire område eit høgt kostnadsnivå. Dette gjeld mellom anna kostnader til sentraladministrasjon, grunnskule og kommunehelsetenesta.

Når fase 2 av organisasjonsutviklingsprosessen er implementert kan det vere grunnlag for å sjå på korleis den nye organiseringa og strukturen av kommunen fungerer, i sin heilskap eller på spesifikke område. Aktuelle problemstillingar kan vere:

- Har organisasjonsendringa innfridd dei måla ein sette seg?
- Kor effektiv er den nye organiseringa - sett i lys av den kompleksiteten som gjer seg gjeldande i kommunen?
- Har ein eit hensiktsmessig tal tilsette på ulike nivå, og naudsynt kompetansesamansetnad?
- Er Aurland hensiktsmessig organisert for å møte framtida?

KOMMUNIKASJON, INFORMASJON OG OPENHEIT

For at kommunen skal kunne utføre sine oppgåver og yte sine tenester på ein hensiktsmessig og effektiv måte er ein avhengig av god kommunikasjon- og informasjonsflyt internt. Dette gjeld både internt i den enkelte eining i kommunen, men også tvers av einingar, og mellom administrativt og politisk nivå. Manglande kommunikasjon og informasjon kan føre til at avgjerder vert fatta på svakt fundert eller feilaktig grunnlag, og til unødig tids- og ressursbruk.

Under dette temaet vil ein for det første setje fokus på kommunikasjon, informasjon og openheit internt i kommunen, herunder til dømes:

- Korleis fungerer samspelet og informasjonsflyten mellom administrasjon og politisk nivå, og mellom ulike tenesteeiningar og administrativ leiing?
- Får politikarane tilstrekkeleg informasjon før vedtak fattast?
- Er rapporteringa tilfredsstillande?
- Kan ein gjere tiltak for å sikre at tenesteeiningsleiarar blir meir involvert, og dermed forbetre effektivitet og kvalitet i ulike prosessar?

Det kan også vere aktuelt å sjå på om kommunen har forbettringspotensiale når det gjeld ekstern kommunikasjon ovanfor innbyggerane:

- Kan kommunen til dømes bli betre på å involvere innbyggjarar som kan bli påverka av ulike prosjekt i tidleg fase, og dermed legge til rette for god og tillitsbasert dialog?
- Bør kommunen i større grad gjennomføre brukarundersøkingar?

INTERNKONTROLL OG KVALITETSSIKRING

Kommunen har ei lovpålagt plikt til å drive internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lovar og reglar etterlevast. God internkontroll, kvalitetssikring og avvikshandtering er avgjerande for å sikre at kommunen si drift skjer i tråd med gjeldande regelverk på ulike område. Det er rådmannen som har det øvste ansvaret for internkontrollen.

Aurland kommune har tidlegare ikkje hatt eit heilskapleg internkontrollsystem som har gitt tilfredsstillande koordinert informasjon om internkontroll og kvalitetssikring. Kommunen har no gått til innkjøp av eit nytt system som skal ivareta dette behovet.

Når dette nye systemet er implementert kan det vere aktuelt å sjå på korleis det nye internkontrollsystemet fungerer, og om kommunen i tilstrekkeleg grad ivaretek sine plikter når det gjeld internkontroll, kvalitetssikring og avvikshandtering - herunder om ein har tilfredsstillande rutinar for desse, og om rutinane vert etterlevd.

INNKJØP OG ANBOD

Aurland kommune har årleg eit relativt stort omfang av innkjøp og anskaffingar innanfor fleire sektorar. I ein del tilfelle leiger kommunen inn ekstern bistand i samband med anskaffingar, men mange innkjøpsprosessar handterast av kommunen sjølv.

Offentlege innkjøp er underlagt eit strengt regelverk (lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande forskrift), og det krevst god kompetanse, tilstrekkeleg kapasitet og tilfredsstillande rutinar for å sikre at regelverket vert etterlevd gjennom heile innkjøpsprosessen. Gjennom innkjøpsprosessar forvaltaast offentlege middel i stort omfang, og gode innkjøpsprosessar i tråd med regelverket er avgjerande for å sikre at kommunen får leveransar av god kvalitet, til rett

tid og til god pris. Eventuelle avvik frå regelverket om offentlege anskaffingar kan få store konsekvensar, t.d. i form av at kommunen betaler for mykje for tenestene, ikkje får tenester av tilfredsstillande kvalitet, eller i form av risiko for rettslege tvistar som følgje av påstandar frå leverandørar om at regelverket ikkje er etterlevd.

Gitt dette kan det vere verdifulle å sjå nærare på offentlege innkjøp og anbod i Aurland kommune. Aktuelle problemstillingar kan vere:

- Etterlev kommunen regelverket om offentlege anskaffingar?
- Har kommunen tilfredsstillande retningslinjer for anskaffingsprosessar, og korleis vert desse praktisert?
- Har kommunen tilfredsstillande kompetanse knytt til regelverket om offentlege anskaffingar?
- Korleis vert anbod og endeleg kontrakt utarbeidd og forhandla?

KLIMA, BEREKRAFT OG MILJØ

Klima, berekraft og miljø er tema som blir stadig meir aktuelle, både globalt, nasjonalt og lokalt. “Det grønne skiftet” og omstillinga til å bli klimanøytral er i gang, og Noreg er forplikta av fleire avtaler på desse områda, mellom anna Parisavtalen. Det må ventast at det i åra framover stillast strengare krav til innsats på dette området, også i Kommune-Noreg. Som turist-destinasjon med særst stor trafikk sommarhalvåret kan dette vere særleg aktuelt for Aurland.

Kommunedelplanen for klima og energi har ikkje vore revidert eller rullert på ei årrekke. Er Aurland kommune rusta for “det grønne skiftet”? Har ein kompetansen, ressursane og systema som krevst?

KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

Som arbeidsgjevar har Aurland ei rekkje plikter ovanfor sine tilsette, som utgjer ein relativt sett stor del av innbyggjarane i kommunen. Mellom anna har kommunen lovpålagt plikt til å sørgje for eit forsvarleg arbeidsmiljø, og til å legge til rette for tilsette som av ulike årsaker har behov for dette. Manglar eller avvik knytt til kommunen sine plikter som arbeidsgjevar kan ha store konsekvensar, ikkje berre for den det gjeld men også for kvalitet og effektivitet i kommunen sitt tenestetilbod.

I 2015 vart det gjennomført ei medarbeidarundersøking i kommunen, med varierende resultat. Det er ikkje gjennomført medarbeidarundersøking sidan.

I lys av dette kan det vere aktuelt å sjå nærare på Aurland kommune som arbeidsgjevar, herunder t.d.:

- Innfrir kommunen sine lovpålagte plikter som arbeidsgjevar?
- Korleis er arbeidsmiljøet i kommunen, generelt og i spesifikke einingar?
- Kva er gjort for å følgje opp og ta tak i resultatane frå medarbeidarundersøkinga frå 2015?

SOGN LOKALMEDISINSKE SENTER

Sogn lokalmedisinske senter (Sogn LMS) er eit samarbeidsprosjekt innan helse- og omsorgstenester i indre Sogn, og Aurland har sine legevaktstenester via Sogn LMS.

I ein forvaltningsrevisjon kan det mellom anna vere aktuelt å sjå på korleis samarbeidet fungerer, om ei slik samarbeidsform og organisering av tenestene er hensiktsmessig med tanke på tenestetilbodet til innbyggjarane i kommunen, økonomien i samarbeidet, herunder den økonomiske fordelingsmodellen mellom kommunane sett i eit kost-nytte perspektiv, samarbeidsrutinar mv.

Kontrollutvalet er også kjend med at det i Årdal kommune er sett i gang ein prosess knytt til eit revisjonsprosjekt av Sogn lokalmedisinske senter. Sjølv om Aurland kommune ikkje deltek i dette prosjektet kan det vere grunnlag for å legge vekt på at Sogn LMS etter det ein kjenner til vil bli underlagt revisjonsprosjekt i næraste framtid. Gitt dette tilseier ikkje risiko- og vesentlegheitsvurderingar at Sogn LMS bør prioriterast høgt kva gjeld kontrollar i Aurland kommune inneverande periode.

AVSLUTTANDE MERKNADER TIL IDENTIFISERTE OMRÅDE FOR FORVALTNINGSREVISJON

Slik det går fram over har kontrollutvalet gjennom risiko- og vesentlegheitsvurderingane ikkje identifisert område innan sentrale tenesteområde som skule og pleie- og omsorg. Det er fleire årsaker til dette. For det første kjem Aurland kommune generelt sett relativt godt ut på desse områda både i Kommunebarometeret og KOSTRA-statistikk. Vidare er resultatane på fleire område betra sett i høve til tidlegare år. Tenesteområdet skule er også underlagt relativt hyppige tilsyn frå Fylkesmannen, og når det gjeld pleie- og omsorg vart det på dette området gjennomført ein forvaltningsrevisjon i 2017 (spesialomsorg).

Samla sett, og i lys av dei tema som vart belyst og stod i fokus under arbeidsmøtedagen kontrollutvalet har gjennomført som ledd i arbeidet med risiko- og vesentlegheitsvurderingar, har kontrollutvalet difor ikkje funne grunnlag for å inkludere område innan skule eller pleie- og omsorg i risiko- og vesentlegheitsvurderinga i denne valperioden. Det blir likevel understreka at det på generelt grunnlag alltid vil eksistere forbettringspotensiale innan alle tenesteområde, og at kontrollutvalet i sitt arbeid med plan for forvaltningsrevisjon må gjere ei prioritering ut frå dei opplysningar ein har tilgjengeleg.

5. OPPSUMMERANDE RISIKO- OG VESENTLEGHEITSVURDERING FORVALTNINGSREVISJON

Nedanfor vert dei identifiserte områda ytterlegare vurdert opp mot 1) risiko for avvik/ manglar på området og 2) kor vesentlege konsekvensar manglar og avvik kan få. Både risiko og vesentlegheit er gjeve ein score H, M og L (høg, middels og låg).

Område	Risiko	Vesentlegheit	SUM
Tekniske tenester/ Teknisk etat	H	H	HH
Organisasjon og struktur	M	M	MM
Kommunikasjon, informasjon og openheit	M	M	MM
Internkontroll/ kvalitetssikring	M	M	M
Innkjøp og anbod	M	H	MH
Klima, bærekraft og miljø	M	H	MH
Kommunen som arbeidsgjevar	M	M	MM
Sogn lokalmedisinske senter	M	M	MM

Vektinga av risiko og vesentlegheit er ei relativ vurdering mellom dei einskilde områda for å få fram dei områda som kontrollutvalet meiner bør prioriterast for forvaltningsrevisjon. Områda som er utheva er vekta høgast i denne samanhengen.

6. EIGARSKAPSKONTROLL

OM EIGARSKAPSKONTROLL

Eigarskapskontroll inneber å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med mellom anna lover og forskrifter, kommunestyret sine vedtak, og anerkjende prinsipp for eigarstyring. Eigarskapskontrollen er altså ein kontroll med forvaltninga av kommunen sitt engasjement i selskap mv., mellom anna å kontrollere at kommunen sine eigarinteresser vert følgde opp i samsvar med kommunen sin føresetnad og strategi for eigarskapen.

Eigarskapskontrollen vil kunne bestå av ulike kontrollelement, t.d.:

- kontroll av om verksemda drivast innan rāmene av kommunen sine vedtak og føresetnader og i tråd med lover og reglar,
- vurdering av den einskilde verksemd sett frå eit eigarperspektiv, herunder eventuelle krav til eigenkapital og avkasting, overordna rekneskapsanalyse og gjennomgang av budsjett
- andre forhold som omhandlar eigar, som t.d. rapportering, opplæring, administrativ oppfølging mv.

EIGARSKAPSMELDING/ OVERSIKT OVER EIGARSKAP

Etter kommunelova § 26-1 skal kommunen minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret. Denne skal innehalde

- a) kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- b) ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
- c) kommunen sitt føremål med sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i dei aktuelle verksemdene

Kontrollutvalet har som ledd i risiko- og vesentlegheitsvurderinga gjennomgått Aurland kommune si gjeldande eigarskapsmelding. Denne vart vedteken av kommunestyret 6. april 2017, og er følgjeleg ikkje fullstendig oppdatert i skrivande stund.

I følge skatteetaten sine register over hadde Aurland kommune følgjande eigarskap i aksjeselskap ved utgangen av 2019:

Direkte eigarskap aksjeselskap	Eigarandel (prosent)
Aurland Eige AS	100
Luna Mineral AS	71,429
Visit Sognefjord AS	8,368
SognLab AS (a-aksjer)	6,5
SognLab AS (b-aksjer)	4,25
Sogneprodukt AS	3,329
Sogn og Fjordane Holding AS	1,964
Kommunekraft AS	0,312

Aurland Eige AS vart stifta i september 2019 med det føremål å eige, forvalte og utvikle fleire av Aurland kommune sine heileigde og deleigde verksemdar. Aurland kommune eig 100 % av aksjane i Aurland Eige AS, og selskapet vart etablert ved at kommunen sine aksjar i Aurland Energiverk AS og Aurland Ressursutvikling AS vart overdratt til Aurland Eige AS.

Aurland Eige eig 100 % av Aurland Energiverk AS, og 40 % av Aurland Ressursutvikling AS. Aurland kommune har følgjeleg beholdt sine eigarskap i desse selskapa ved at kommunen eig alle aksjane i Aurland Eige AS.

Vidare har kommunen eigarinteresser i / er deltakar i følgjande kommunale føretak, interkommunale selskap og samarbeid:

- Aurland Hamnevesen KF
- SIMAS IKS
- Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS
- Sogn regionråd

Det er ikkje gjennomført eigarskapskontroll/ selskapskontroll i førre planperiode, men det blir p.t. gjennomført eigarskapskontroll av Aurland Eige AS og Aurland Ressursutvikling AS og forvaltningsrevisjon i SIMAS IKS.

RISIKO- OG VESENTLEGHEITSVURDERING: AKTUELLE EIGARSKAPSKONTROLLAR 2019-2023

Val av selskap for eigarskapskontroll må gjerast ut frå kommunen sine eigarinteresser til ei kvar tid (og i tråd med ny eigarskapsmelding når denne blir utarbeidd og vedteken).

Når det gjeld risikovurderinga kan det for så vidt gjeld val av selskap for eigarskapskontroll vere særleg aktuelt å sjå hen til:

- Tidlegare og pågåande eigarskaps/selskapskontrollar og resultat av desse
- Kor vidt det tidlegare er avdekka risikoforhold i selskapet
- Generell omtale av selskapet / aktuelle saker knytt til selskapet
- Eigarskapen si økonomiske tyding for kommunen, herunder eventuelt tapspotensiale

I vesentlegheitsvurderinga kan det vere særleg aktuelt å sjå hen til:

- selskap som er heileigde av kommunen
- selskap der kommunen har ein stor eigardel
- kommunale selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
- kommunale selskap som yt direkte tenester til innbyggjarane i kommunen
- kommunale selskap som leverer verksemdskritiske tenester til kommunen

Når det gjeld Aurland kommune sine eigarskap er det særleg Aurland Eige AS og Luna Mineral AS som skil seg ut kva gjeld storleiken på eigarskapen. I og med at det p.t. pågår eigarskapskontroll av Aurland Eige AS (og Aurland Ressursutvikling AS), vurderast det å vere lite behov for ny eigarskapskontroll i desse selskapa inneverande valperiode.

Tilsvarande gjeld for SIMAS IKS, der det p.t. pågår ein forvaltningsrevisjon som blir gjennomført av samtlige eigarkommunar i SIMAS i fellesskap.

Når det gjeld Luna Mineral AS har verksemda p.t. ingen omsetnad, og vurderast difor som lite aktuell for eigarskapskontroll.

Gitt ovannemnde peikar særleg følgjande selskap seg ut som aktuelle for eigarskapskontrollar i planperioden 2019-2023 (i uprioritert rekkefølge):

- Aurland Energiverk AS, gitt at selskapet er 100 % eigd av kommunen via Aurland Eige AS
- Aurland Hamnevesen KF, herunder kva for oppgåver selskapet kan utføre innafor havnelova

Aktuelle problemstillingar i eventuelle eigarskapskontrollar av desse føretaka kan mellom anna vere:

- Kor vidt kommunen/det kommunalt eigde eigarselskapet har tydelege føringar for sitt eigarskap
- Om eigarinteressene til kommunen blir utøvd i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring, eventuelle føringar i vedtekter mv., og i tråd med kommunen sine interesser
- Om roller og ansvar mellom selskapet og kommunen er tilstrekkeleg avklart